
Årsmelding

2008

NORDDAL KOMMUNE

INNHALD

Rådmannen sine kommentarar

1.0	Innleiing	3
2.0	Utvikling kommuneøkonomien o.a	3
3.0	Hovudutfordringar framover	3

Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

1.0	Innleiing	5
2.0	Folketal	5
3.0	Økonomiske nøkkeltal og analysar	
3.1	Driftsrekneskapen 2008 -hovudtal	5
3.2	Investeringar 2008 -hovudtal	7
3.3	Balanserekneskapen	8
Nøkkeltal	9

Tenestene	11
------------------------	----

Vedlegg	30
----------------------	----

- samanstillingar, økonomiske og kvalitative indikatorar
- kommunestyresaker 2008, status
- tapsmengde utleige av kommunale bustader og eigedomar

1.0 Innleiing

I tilknytning til rekneskapen vert det lagt fram ei årsmelding frå administrasjonen. Formålet med ei årsmelding er fleire. Årsmeldinga er eit viktig dokument i kommunen sitt informasjons- og rapporteringssystem knytt til:

- Måloppnåing i forhold til sentralt og lokalt vedtekte handlingsplanar
- Økonomiske nøkkeltal med informasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen
- Ressursbruk og effektivitet
- Å ta opp kjende utfordringar/signal om endringar , som grunnlag for handling slik at vi er betre budd til å møte framtida
- Rullering av handlingsprogram med økonomiplan

Årsmeldinga må difor brukast aktivt til å stille spørsmål om korrigeringsbehov i forhold til vedtekte planar og driftsomfang/-måtar. Årsmeldinga inneheld informasjon som det er viktig å gi kommunestyret, innbyggjarane og andre innsikt i.

Den kommunale verksemda er prega av høge ambisjonar, ikkje berre m.o.t. omfang og kvalitet i tenesteproduksjonen, men også når det gjeld deltaking i ulike prosjekt og utviklingstiltak. Dette stiller store krav til effektivitet i organisasjonen, om ein skal klare å følge opp den daglege drifta og samstundes halde framdrift i utviklingsarbeidet. Norddal kommune er i høgste grad det ein må kalle ein samfunnsaktiv kommune, der kommunen aleine eller i partnerskap med andre aktørar, tar initiativ for ny utvikling. Døme på nokre slike utviklingstiltak kommunen har vore med på i 2008, kan vere:

- Vidare arbeid med prosjektet "Muriparken"
- Nasjonal Turistveg
- Arealplanarbeid
- Arbeid med verdsarvstatusen
- Åknes/Tafjord-prosjektet (etablering av IKS)
- Prosjektet "Livskraftige kommuner" (avslutta)
- Lokal forvaltning Reinheimen nasjonalpark
- Interkommunalt samarbeid bamevern
- Interkommunalt samarbeid NAV
- Interkommunalt samarbeid avfallshandtering

Mange av desse tiltaka/prosjekta er komplekse og arbeidskrevjande, og dei fleste er enno ikkje fullført. Ut frå dei ressursane ein har til rådvelde, er det rådmannen si oppfatning at dei fleste har vore følgd opp på ein god måte.

Utforminga av årsmeldinga byggjer på malen frå tidlegare år, og rådmannen meiner at forma på årsmeldinga no er rimeleg godt ivare tatt av dei fleste driftseiningane og dei ulike fagområda i stab. Det er ønskeleg med tilbakemeldingar og innspel frå politikarane – og andre - for å gjere ho endå betre.

2.0 Utvikling kommuneøkonomien

Driftsresultatet er positivt, men ikkje stort nok med tanke på å skape ein solid "buffer" for svingingar i den kommunale økonomien. Går ein nærmare inn i tala, viser desse at vi har eit driftsmessig underskott før finansinntekter, med særleg overforbruk på løn og kjøp av varer og tenester. Det er auken i inntekter (m.a. statstilskott) som skaper driftsmessig balanse for fjoråret. Eit positivt trekk er at fjoråret gav ein liten auke i folketallet +8 innbyggjarar, 1769 pr. 31.12.08), etter ein sterk nedgang (-56) for 2007. Dette har verknad for overføringane frå staten, utan at ein her skal overvurdere den økonomiske sida. Samansetjinga av folkesetnaden er også viktig, m.a. med tanke på omfanget av tenesteproduksjonen og kostnadene ved denne. Det vert elles vist til kommentarane for rekneskapen nedanfor, og til årsmeldinga for dei ulike drifts-/fagområda. Elles var den sterke lønsauken og renteauken merkbar for Norddal kommune; det siste ikkje minst ut frå ein monaleg låneportefølgje.

3.0 Hovudutfordringar framover

Norddal kommune står framleis, i likskap med mange andre distriktskommunar, ovafor monalege utfordringar knytt til busetnad og næringsutvikling. Kommunen sine eigeninntekter, som ein i prinsippet kan styre fritt, er bunde opp i driftstiltak. Det er sjølv sagt eit politisk val korleis ein vil nyttiggjere seg desse inntektene, men rådmannen meiner framleis at ein i endå større grad bør tenkje på ny utvikling framfor "sementering" av eksisterande verksemd. Kommunen har eit samfunnsansvar som må ivaretakast gjennom eigne initiativ for utvikling av lokalsamfunnet, og ved å gå inn i partnerskap med andre aktørar – bedrifter, frivillige lag/organisasjonar og enkeltpersonar, for å skape ei berekraftig utvikling som sikrar livsgrunnlaget for innbyggjarane. Oppheving av byggjeforbodet i Storfjordområdet, som er venta i løpet av 1. halvår 2009, vil vere avgjerande for utviklinga av kommunen.

Den kommunale organisasjonen er under sterkt press for å imøtekomme alle dei krav og forventningar som vert stilt frå brukarar av tenestene så vel som frå lokale politikarar og sentrale styresmakter. Samstundes som personalressursane kan kjennast knappe nokre gonger, er det i nokre høve vanskeleg å sikre god nok kompetanse for utføring av arbeidet. Ulike former for rekrutteringstiltak vil difor vere naudsynt og avgjerande for Norddal kommune i åra framover, om ein skal oppretthalde kvantitet og kvalitet på tenestene. Nokre tiltak er sett i verk, medan andre er under arbeid, og kommunens

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 4 av 35

rekrutteringspolitikk må få endå større merksemd. Til dette høyrer arbeidet med omdømme til kommunen, og vedtak er gjort med tanke på å styrke tiltak for positiv profilering og rekruttering av nye tilsette/innbyggjarar til kommunen. Interkommunalt samarbeid, gjennom ÅRU eller i mindre kommunepartnarskap, vil bli endå viktigare i tida framover med tanke på å kunne oppretthalde kvantitet så vel som kvalitet på det kommunale tenestetilbodet. Det er viktig å leggje slike rammer for samarbeidet at ein framleis har lokal forankring og styring med det interkommunale samarbeidet.

Sett under eitt, meiner rådmannen at Norddal kommune har gode mulegheiter for å møte utfordringane framover, om ein nyttar ressursane rett og har perspektiv ut over kvardagen. Vi har ein økonomi under kontroll og medarbeidarar som gjer godt arbeid i den kommunale tenesta, samstundes som kommunen så langt har vist vilje og evne til deltaking i fornyings- og omstillingsprosessar for å skape ny utvikling. Denne samfunnsaktive haldninga må dyrkast, og vi må alle – kvar på vår plass – bidra til positiv omdømmebygging av kommunen!

Arsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 5 av 35

ØKONOMISKE HOVDUTREKK OG NØKKELTAL

1.0 INNLEIING


Dei indikatorane som inngår i denne delen gir informasjon om utviklingstrekk i økonomien. Totale driftsinntekter er ofte brukt som referansestorleik. Ved å nytte totale driftsinntekter, vert også samanlikning over fleire år meningsfylt, samt at det og seier noko om kva for finansiell ramme kommunen arbeidde innanfor. Kommunen sin produktivitet eller effektivitet er på fleire område blitt lettare å måle.

2.0 FOLKETAL

Folketalsutvikling og samansetjing av befolkning vil vere ein kritisk faktor for kommunen si utvikling og økonomi. Folketalsutviklinga i perioden 1980 - 2008 går fram av tabell:

3.0

Folketalsutvikling 1980 - 2008



Ved utgangen av 2008 var det 1 769 innbyggjarar i Norddal kommune. Dette er ein auke på 8 personar i høve til 2007. I perioden 1980-2008 er folketallet redusert med 15,0 % eller 313 personar. Frå 1990 til 2000 var nedgangen 59 personar. Frå 2000 til 2008 185 personar. Sjølv om endringa 2007-08 viser ein liten auke, tilseier framskrivne prognoser at det vil verte ein reduksjon i folketallet.

3.0 ARBEIDSLEDIGE – SYSSELSETTING

Talet på arbeidsledige i Norddal kommune har vore stabilt lavt i mange år. Frå 2006 har talet vore under 10 og dette utgjør under 1 % av arbeidsstyrken. Det er både pendling ut av Norddal kommune og inn til kommunen. Høg sysselsetting er viktig for inntekter til kommune, t.d. gjennom fordelt skatt. Mange er framleis sysselsett i primærmæringar. I 2007 var 130 personar sysselsett i slike næringar og drift innan desse områda er også viktig for kommunen

4.0 REKNESKAPSOVERSIKTAR

4.1 DRIFTSREKNESKAPEN 2008– samandrag

Beløp i 1000 kr	Rekneskap 2008	Budsjett 2008	Rekneskap 2007
Rammetilskot	42 007	41 263	33 239
Skatt på inntekt, formue, eigedomsskatt	58 500	56 995	56 357
Overføringar med krav til motytelse	25 609	18 059	22 880
Øvrige driftsinntekter	34 263	35 193	39 209
Sum driftsinntekter	160 379	148 377	151 685
Lønnsutgifter inkl sos. utgifter	-99 054	-99 083	-98 444
Kjøp av varer og tenester	-48 117	-38 233	-34 402
Overføringar	-10 943	-8 830	-13 749
Avskrivningar, kalkulatoriske rtr/avdrag	-2 962	-5 300	-5 736
Fordelte utgifter	2 760	3 277	5 553
Sum driftsutgifter	-158 316	-148 169	146 778
Brutto driftsresultat	2 063	208	4 907
Sum Eksterne finansinntekter	5 678	6 020	5 532
Sum Eksterne finansutgifter	-7 982	-8 960	-11 935
Resultat finanstransaksjonar	-2 304	-2 940	-6 403
Motpost avskrivningar, kalkulatoriske rtr/avdr	2 962	5 300	5 735
Netto driftsresultat	2 722	2 568	4 239

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 6 av 35

Sum bruk av avsetningar	7147	6 497	-4 923
Sum avsetningar	-9869	-9 065	9 123
Resultat mindre forbruk	0	0	39

- Når tal for 2008 skal vurderast må det takast omsyn til at drift og vedlikehald av alle eigedommar f.o.m. 2008 overført til Norddal Eigedomsselskap KF. Difor vil kostnader til lønn, forsikring, straum, mm til dette føremålet ikkje vert med i kommunen sitt rekneskap, men dette vert dekkja av husleige på kr 15.647 mill til selskapet. Det ligg også rentekostnad i husleiga. Husleiga med alle element som ligg i denne er ei viktig årsak til at driftsutgiftene har auka frå 2007 til 2008. I tillegg var det mindre kjøp av tenester mellom kommunen og selskapet, men kommunen kjøpte tenester for om lag tilsvarende verdi for sal av tenester.
- Rekneskapet for 2008 viser eit positivt netto driftsresultat på 2.722 mill. kroner mot 4.239 i 2007. Avsetning til disposisjonfond er i samsvar med budsjett + renter på fondskonto i bank. Bruk av fond er i samsvar med vedtak i K.sak 45/08, kr 3,5 mill
Avsetning til bunde fond utgjør kr 3,8 mill, bruk kr 3,4 mill.
Ovennemnde resultat og bruk/avsetning fond medfører at det ikkje er mogeleg å foreta budsjettert overføring til investeringsrekneskapet på kr 6,1 mill. Overføring vert på kr 5.570. For ikkje å skape eit meirforbruk i 2008 vert resterande stroke i samsvar med FKR § 9

4.1.1 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, formues- og inntektsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og inntekter frå konsesjonskraft..

Beløp i 1000 kroner	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Sum rammetilskot	31 765	27 925	32 905	31 585	33 239	42 007
Skatt på formue og inntekt	36 630	36 307	35 621	38 262	38 616	40 546
Eigedomsskatt	9 431	8 357	11 166	13 345	17 741	17 954
Konsesjonskraft	7 320	8 33	5 831	8 605	14 587	13 626
Sum frie inntekter	85 146	80 922	85 523	91 797	104 183	114 133
Endring i %	11,2%	-4,9%	5,7%	7,3%	13,5%	9,5 %

- Som tabellen viser har det vore ein auke i alle postane på frie inntekter, total kr 9,950 mill eller 9,5 % i høve til 2007. Dette er godt over lønns- og kostnadsutvikling 2007-08
 - Det er spesielt stor auke i rammetilskot. Grunnen til dette at det har kome inn eit såkalla småkommunetilskott på kr 5,3 mill. I tillegg har tilbakeføring av selskapskatt auka. Det er også eit beløp på kr 0,8 mill som er inntektsført i 2008, men som skulle vore med i 2007. Andre type tilskot som er inkludert i rammetilskotet har små endringar. Rammetilskotet vert påverka av endringar i folketalet og t.d. aldersamansetning i befolkninga.
 - Skatteinngangen i 2008 var god. Naturressursskatten er med i sum og denne utgjorde kr om lag kr 11,6 mill som er same nivå som i 2007
 - Inntekt frå sal av konsesjonskrafta har vorte noko redusert i 2008. Ser ein på ein lenger periode har det vore ein kraftig auke i denne posten. Dette er likevel ein post som vil variere. Konsesjonskraft vert seld på 1-års kontrakter og med varierende straumpris vil det vere usikkerheit knytt til inntekta. Det same gjeld volum som kommunen kan omsette, då dette er knytt til straumforbruket i Norddal kommune. I 2008 vart det seld 42,6 GWh. Kraftvolumet skriv seg frå dei konsesjonane Tafjord Kraft AS fekk i samband med utbygging av kraftproduksjonen i Tafjord.

4.1.2 Lønnskostnader

1000 kr	2004	2005	2006	2007	2008
Løn og sosiale utgifter	-85 124	-89 656	-96 064	-98 443	-99 004
Brutto driftsutgifter	-119 247	-125 876	-134 425	-146 778	-158 316
%-vis utgifter til løn	71,4	71,2%	71,5%	67,1%	62,6 %

Utviklinga med reduksjon av lønnsutgifter i høve til totale brutto driftsutgifter held fram i 2008. Det må imidlertid takast omsyn til at om lag 10 årsverk + vikarbruk og ekstrasjelp er overført til Norddal Eigedomsselskap KF. Lønnskostnader i eigedomsselskapet var kr 4,791 mill.

- Totalt lønnskostnader er på budsjett for 2008
- Ved samanlikning av lønnskostnader mot tidlegare år, bør tal frå eigedomsselskapet takast med. Totalt vert då kostnaden kr 103 795 mill. Dette er ein auke på kr 5,3 mill eller 5,1 % i høve til 2007. Dette er i underkant av ramme for lønnsoppgjør i 2008.
- Betalingar til politisk styring og kontrollorgan, brutto driftsutgifter per innbyggjar, er under kommunegruppa, men ligg godt over kommunane i Møre og Romsdal dette året også. Norddal har 1138 kroner pr. innbyggjar og kommunane i fylket 424 kroner i gjennomsnitt.
- Lønnsutgiftene til administrasjon og fellesutgifter per innbyggjar viser kr 4 088. Tilsvarende tal for kommunegruppa er kr 6 003 og Møre og Romsdal fylke kr 3.079

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 7 av 35

Dei største delane av lønnskostnadane går til pleie og omsorg med 44,1 %, som er over samanliknbare kommunar, og skule/barnehage med 30 %, som er under samanliknbare kommuner.

4.1.3 Andre kostnader

- Kjøp av varer og teneste viser ein stor auke i 2008. Mykje av dette har gjeld husleige betalt til Norddal Eigedomsselskap KF.
- Det også eit vesentleg avvik mot budsjett. Dei største avvika omfattar kjøp av personaltenester (konsulentar, vikarbyrå) med om lag kr 3,7 mill, kurs og opplæring med kr 1,3 mill. snøbrøyting, kr 0,8 mill og kostnader til breiband kr 0,5 mill.
- Også overføringar ligg over budsjett. Det største avviket gjeld overføring av kr 1,0 mill til Nasjonal Turistveg.
- Avskrivningar har gått ned i høve til 2007. Grunnen til dette er at alle eigedommar er overført til eigedomsselskapet og avskrivningar ligg i det rekneskapet.

4.1.4 Finans renteutgifter/-inntekter og avdrag.

Vurdering av finansinntekter/-utgifter i 2008 mot tidlegare år er vanskeleg, då halvparten av lån no er flytta over til Norddal Eigedomsselskap KF. Difor er også netto finans mykje mindre enn i 2007. Vert tal på netto kr 8,2 mill frå eigedomsselskapet teke med, er totalen kr 10,8 mill. Dette er ein kraftig auke i høve til 2007, men det må takast omsyn til eit høgare rentenivå i 2008, samt at lånegjeld totalt har auka.

4.2 INVESTERINGAR 2008 – samandrag

Beløp i 1000 kr	Rekneskap 2008	Budsjett 2007	Rekneskap 2007
Sum inntekter	965		1 040
Sum investeringar	-18 582	-33 970	-27 087
Avdragsutgifter	0	0	0
Dekning av tidlegare udekka (2007)	-277	-100	-815
Avs. til ubundne investeringsfond	-3 500	-3 500	-38
Avs. til bundne fond	0	0	0
Avs. til likviditetsreserven	0	0	0
Kjøp av aksjer/andeler/tidl.dekning	-1 664	-1 900	-277
Sum Finanstransaksjonar	-5 441	-5 500	-1 130
Finansieringsbehov	-23 058	-39 470	-27 177
Finansiert slik:			
Bruk av lån	8404	33 070	24 548
Mottatte avdrag på utlån	173	100	207
Salg av aksjer og andeler		0	0
Bruk Av tidl. års udisponert		0	0
Overført frå driftsregnskapet	5 570	6300	2 015
Bruk av disposisjonsfond			19
Bruk av ubundne investeringsfond	886	0	0
Bruk av bundne fond	525	0	111
Bruk av likviditetsreserve		0	0
Udekka/udisponert	7 498	0	276
Sum finansiering	23 058	39 470	27 177

- Norddal kommune har gjennom mange år gjort store og kapitalkrevjande investeringar. Desse har i stor grad vore finansiert med lån. Slik var det også i 2008
- Dei største investeringane gjekk til Åsevegen, Kleivavegen, Bustadfelt på Nerhus og Breibandsutbygging. Det siste vart delvis finansiert med Høykom-midlar.
- Det er innbetalt aksjekapital til Storfjord Helsecenter AS med kr 886.410 og eigarinnskot i Åknes-Tafjord IKS med kr 525.000. Eigenkapitaltilskot til KLP kr 252.880
Det er overført kr 5,6 mill frå driftsrekneskapet, derav kr 3,5 mill til kjøp av aksjar. I overføringa er også kr 848.000, som gjeld mva på investeringar og som vert tilbakeført frå driftsrekneskapet.
- Det er udekka beløp på kr 7.498 mill. Grunnen til dette er overskriding på ein del prosjekt, samt at det ikkje har vorte teke opp lån på gjennomførte prosjekt i 2008 som har vore vedteke i 2007 eller tidlegare. Inndekking av dette vert teke til politisk behandling i samband med handsaming av rekneskapet for 2008
- Det er intensjonen å få sett av så mykje som mogeleg av overføring frå driftsrekneskapet til fond for aksjekjøp. Slik avsetting vert teke til politisk handsaming.

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 8 av 35

4.3 BALANSEREKNESKAPEN - samandrag

Beløp i 1000 kroner

Eigedelar	2008	2007
Anleggsmidler	292 245	401 565
Omløpsmidlar	38 876	39 636
Sum eigedelar	331 121	441 202
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital	62 287	130 795
Langsiktig gjeld	233 973	278 085
Kortsiktig gjeld	34 861	32 322
Sum eigenkapital og gjeld	331 121	441 202
Memoriakonto:		
Ubrukte lånemidler	8 682	6 107

4.3.1 Eigedelar

- Anleggsmidlane er redusert med om lag kr 109 mill. Hovudårsaka til dette er overføring av eigedommar til Norddal Eigedomsselskap KF med kr 119,4 mill. I tillegg er anlegg og utstyr nedskrive med kr 23 mill. Grunnen til dette er avstemming mot anleggsrekneskapet som viser detaljerte verdier og avskrivingsgrunnlag av ulike objekt. Det er gjort aktivering av investeringar på kr 16,4 mill. Det er og gjort ei justering på utlån til Norddal Elverk AS på kr 4 mill. Auke av pensjonsmidlar i KLP/SPK utgjør om lag kr 14 mill.
- Omløpsmidlane er redusert med kr 1 mill. Det har vore ein stor auke i kortsiktsiktige fordringar som hovudsakleg skuldast interimførte inntekter i 2008, som først blir innbetalt i bank i 2009. Slike overføringar variere frå år til år. Bankinnskott mm er kraftig redusert. Grunnen til dette er at betaling av investeringar er gjort med ledig likviditet og låneopptak har vorte utsett til 2009, jfr førre punkt. Likviditeten var difor stram ved årskiftet.

4.3.2 Eigenkapital og gjeld

- Eigenkapitalen er også kraftig redusert i 2008. Dette skuldast i stor grad reduserte eigedelar som er kommentert tidlegare. Totale fond er redusert med kr 0,5 mill. Kr 3,5 mill er overført frå disposisjonsfond til ubunde investeringsfond for aksjekjøp i samsvar med K.sak 45/08. Kr 2,1 mill er tilført eigenkapitalen i samband med endring av rekneskapsprinsipp for føring av statstilskot ressurskrevande brukarar i pleie-omsorg. Tilskot for 2007 vert balanseført i 2008, medan tilskot 2008 vert inntektsført dette året. Udekka beløp i investeringrekneskapet er reduserar også eigenkapitalen.
- Langsiktig gjeld er redusert då lån på kr 69,5 mill er overført til Norddal Eigedomsselskap KF. Låneopptak til investeringar 2008 er kr 10,9 mill, nedbetaling av lån kr 3,6 mill. Auke i pensjonsforpliktelsar KLP/SKP utgjør kr 17,6 mill
- Kortsiktig gjeld viser ein mindre auke i høve til 2007. Ein del av dette gjeld interimførte utgifter i 2008, som først blir utbetalt i bank i 2008.
- Ubrukte lånemidler viser ein auke. Avsett pr 1.1.08 er teke inn med kr 4,9 mill til finansiering av tidlegare års vedtekne investeringar. Kr 7,4 mill av årets låneopptak er avsett til å dekke vedtekne, ikkje utførte investeringar i 2008. Frå tidlegare er det avsett kr 1,25 mill i lån frå Husbanken for vidare utlån som startlån.

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 9 av 35

5. NØKKELTAL


5.1 NETTO DRIFTSRESULTAT

Indikatoren viser netto driftsresultatet i % av driftsinntektene. Sentrale myndigheter legg til grunn resultatgraden i kommunane ikkje bør være under 3%.

	2004	2005	2006	2007	2008
Netto driftsresultat	-0,3%	1,2%	1,2%	2,8%	1,7%


Netto driftsresultat ligg under målet på 3 %. Negativ eller lågt netto driftsresultat svekkjer den økonomiske balansen. 2008 er eit svært dårleg økonomi i kommune-Noreg, der om lag halvparten av alle kommunar har negativt resultat. Gjennomsnittleg netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal er -0,1 %, medan for heile landet Oslo er resultatet omlag 0,3 %

5.2 FORDELING AV MIDLAR TIL DRIFT



Framstilling viser fordeling av disponible midlar har endra seg litt dei siste 3 åra. Spesielt har overføring til helse-sosial-pleie-omsorg gått ned, medan teknisk drift har auka.

5.3 FORHOLDET INNTEKTER - UTGIFTER




Dei siste åra har det vore ein kraftig auke i samla inntekter og utgifter i kommunen og dette gjer at kommunen dei siste åra har eit positivt netto driftsresultat. Inntekter frå sal av konsesjonskraft vil variere frå år til. Dei har også vist ei positiv utvikling siste åra, men er redusert i 2008 i høve til 2007 og går ytterlegare ned i 2009. Framstillinga viser at Norddal kommune er avhengig av desse inntektene i drifta. Det same gjeld finansinntekt. Ein stor del av dette er utbytte på aksjar i Tafjord Kraft og desse vil også kunne variere. Konklusjonen er at Norddal kommune er avhengig av inntekter som vil kunne variere frå år til år for å oppretthalde dagens drift.

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 10 av 35

5.4 GJELD PR INNBYGGAR

Dette er eit måltal som gjer det mogeleg å samanlikne storleik på gjeld med andre kommunar. For å kunne gjere ei korrekt samanlikning vert det her teke med samla gjeld i Norddal kommune og Norddal Eigedomselskap KF.



Som oversikt viser ligg Norddal kommune svært høgt i lånegjeld i høve til andre kommuner. Med vedtekne investeringar innan bygg og eigedom vil gjelda vekse kraftig også i 2009. Dette vil auke utgifter til rente og avdrag som er noko som må takast omsyn til når nivået på drifta i komande år skal fastsettast.

5.5 ARBEIDSKAPITAL

Arbeidskapital er forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og fortel noko om likviditeten til kommunen. Livkviditetsgrad bør vere >2.

Beløp i 1000 kroner	2004	2005	2006	2007	2008
Omløpsmidlar	38 275	29 844	31 675	39 636	38 876
Kortsiktig gjeld	29 232	28 656	29 864	32 322	34 860
Arbeidskapital	9 043	1 188	1 811	7 314	4 016
Likviditetsgrad	1,31	1,04	1,06	1,23	1,12

Tabellen viser at Norddal kommune har ein forholdsvis svak likviditet. Det har m.a. samband med at investeringar vert betalt av tilgjengeleg midlar og låneopptak skjer likviditet tilseier det. På denne måten vert det spart rentekostnader. Det er viktig at arbeidskapitalen er under oppsikt.

5.6 DISPOSISJONSFOND

Det bør vere ei målsetting å bygge opp eit disposisjonsfond for å ha ein buffer for å dekke uventa utgifter eller svikt i inntekter. Det kan også vere for å finansiere framtidige investeringar.

Beløp i 1000 kroner	2004	2005	2006	2007	2008
Driftsinntekter	117 417	124 796	134 639	51 685	160 379
Disposisjonsfond	1 024	1 025	847	3 900	897
Disposisjonsfond i % av inntekt	0,87	0,82	0,63	2,57	0,56

Som det går fram av tabell har Norddal kommune ikkje klart å bygge opp disposisjonsfond. Dette bør vere eit mål for vidare drift, t.d. at ein viss % av driftsinntektene skal settast av.

5.7 SJUKEFRÅVER

Sjukefråveret kan i nokre høve gje uttrykk for belastningar som tilsette er utsett for i det daglege arbeid. I tillegg vil det også innanfor mange verksemder verte behov for sjukevikarar. Dette kan gje ekstrakostnader spesielt dersom det vert nytta vikarbyrå.

	2004	2005	2006	2007	2008
Samla sjukefråvær	8,1%	7,7 %	9,3%	9,9%	6,3 %

Tabellen viser at det har vore ei positiv utvikling av sjukefråveret i 2008 og ein del tiltak som er sett inn ser ut til å virke. Det er særst viktig at dette held fram også i det vidare

5.8 OPPSUMMERING

2008 var eit jamt tilfredstillande økonomisk år for Norddal kommune, ikkje minst samanlikna med mange andre kommunar. Til tross for mange inntekter auka, var det også auke på mange utgiftspostar. Det var også overforbruk på enkelte verksemder og ein del utgifter kom til i løpet av året. I komande år vert det enno viktigare med grundig budsjettarbeid og oppfølging gjennom driftsåret.

Teneste: Administrasjon

Eining/ansvarsområde: Rådmannskontor, stab

Mål for ansvarsområdet/ Kort skildringa av tenesta

Sentraladministrasjonen har ansvaret for den administrative leiinga av kommunen og for dei politiske styringsorgana som kommunestyret, formannskapet, driftsutvalet og arbeidsmiljøutvalet. Kommunekassa har ansvar for økonomisk planlegging herunder økonomiske analyser, rekneskap, løn, kommunale avgifter, fakturering, skatterekneskap, inn- og utlån. Forutan servicetorget er støttefunksjonane elles m.a. undervisning, kultur, IKT, næringsutvikling, sosiale tenester og plantenester.

- Vi skal marknadsføre og utvikle Norddal kommune som ein god kommune å
- vekse opp i og ein god kommune å busetje seg.
- Vi skal arbeide aktivt for å utvikle heilskapstenking innan dei ulike ansvarsområda i den kommunale verksemda.
- Vi skal aktivt leggje til rette for politiske vedtak og gjennomføringa av desse.

Sentraladministrasjonen sine tenester skal generelt vere prega av høg fagleg kvalitet, høgt servicenivå og effektivitet. Funksjonane innan sentraladministrasjonen skal vere utviklingsorienterte service- og støttefunksjonar for folkevalde, rådmann og den øvrige kommuneorganisasjonen. Publikum skal i størst mogleg grad få avgjort sakene sine ved å vende seg til eit felles servicetorg eller direkte til verksemdene.

Organiseringa av tenestene skal synleggjere ansvarstilhøva klårt både for publikum og internt i organisasjonen.

Nøkkeltal	Budsjett 2007: 9 916 485 kr		Rekneskap 2007: 11 136 363 kr			
	Budsjett 2008: 11 497 285 kr		Rekneskap 2008: 12 040 625kr			
Årsverk:	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Rådmannskontoret	3	2,75	2,75	3	3	3
Servicetorg	6	6	6	6	6	6,5
Stab	2	2	2	2	1	2
Kommunekasse	2	2	2	2	2	2
Rådhuset	0,74	0,74	0,74	0,74	0,74	0

Økonomiske resultat	Rekneskap	Buds(end)	Avvik %
	2008	2008	
Sum ansvar: 1100 Kommunestyre og formansk.	1 745 344	1 458 800	19,6
Sum ansvar: 1102 Støtte politiske parti	38 760		0,0
Sum ansvar: 1104 Bygdeutval	800	28 000	-97,1
Sum ansvar: 1105 Distriktsrevisjonen	310 000	324 000	-4,3
Sum ansvar: 1107 Sunnm. kontrollutval sekretariat	49 281	40 000	23,2
Sum ansvar: 1108 Kvinner i politikken	33 192		0,0
Sum ansvar: 1120 Forlikrådet		10 400	-100,0
Sum ansvar: 1121 Overformynderiet	14 015	9 300	50,7
Sum ansvar: 1122 Beredskap	43 174	20 000	115,9
Sum ansvar: 1123 Eldrerådet	6 276	11 000	-43,0
Sum ansvar: 1124 Ungdomsråd	15 971	15 000	6,5
Sum ansvar: 1125 Råd for funksjonshemma	1 840		0,0
Sum ansvar: 1200 Rådmannskontoret	2 035 584	2 224 700	-8,5
Sum ansvar: 1201 Kommunekassa	1 056 134	1 255 885	-15,9
Sum ansvar: 1202 Servicetorget	1 601 446	1 925 600	-16,8
Sum ansvar: 1204 Datadrift	1 339 546	1 353 000	-1,0
Sum ansvar: 1205 Breiband	503 611		0,0
Sum ansvar: 1206 Innføring av sak/arkivsystem	72 035		0,0
Sum ansvar: 1210 Driftsavtalar og lisensar IT	249 319	300 000	-16,9
Sum ansvar: 1900 Fellesutgifter	1 475 452	1 093 500	34,9
Sum ansvar: 1901 Forsikringar	-926		0,0
Sum ansvar: 1902 Administrasjonsbygg	1 449 771	1 428 100	1,5
Summert netto	12 040 625	11 497 285	4,7

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 12 av 35

Administrative eller faglege resultat

I løpet av 2008 er mange desse tiltak/prosjekt igangsett under leiing av sentraladministrasjonen med støtte frå stab. Nokre av desse er avslutta og andre vert vidareført i år 2009.

I tillegg kjem daglege/fortløpande drifts- og sakshandsamingsoppgåver for dei politiske utvala.

- Gjennomgang og tilpassing organisering
- Leiarutvikling
- Vidareutvikling Murigrandane
- Årsmelding
- Kommuneplan arealdel
- Årsbudsjett. Øko-plan
- Gjennomgang regelverk
- Kompetanseutvikling, kartlegging mv.
- Rekrutteringstiltak
- Gjennomgang it-funksjonen
- Revisjon hms-system
- Verksemdene - oppfølging
- Årsplanlegging
- Årsmelding
- Kvartalsrapportar
- Kontroll oppfølging vedtak
- Etablering komplett styringssystem
- Effektivitetsnettverka
- Tenestekvalitet, kontrollar
- Prosjektleiing kommunal del av Muriparken
- Regulering av skulekrinsar
- Beredskapsplanleggjing

Særskilde utfordringar i tida som kjem

- Sjølv om Norddal kommune har vore gjennom ein administrativ (og politisk) omorganiseringssprosess, er det naudsynt at vi heile tida ser med kritiske auge på organisasjonen vår, med sikte på å optimalisere tenestetilbodet. Vi må satse på utvikling av leiarane våre, m.a. ved å leggje vekt på samhandlingsarenaer der ein kan utvikle vi-kultur og skape grunnlag for heilskapstenking og – løysingar. Det er behov for ei avslutning av gjennomgangen av arbeidsoppgåver og ansvarstilhøve så vel innan sentraladministrasjonen (rådmannsleiinga og stab/støtte-funksjonar) som i tilhøvet mellom sentraladministrasjonen og dei "ytre" verksemdene. Målsettinga er ei betre arbeidsdeling og klargjering og konkretisering av arbeidsoppgåver og ansvar.
- Vi må vere godt nok budd på dei ulike problemstillingar som kjem. I samband med tenesteytinga, må arbeidsgjevarfunksjonane i kommunen kome tydeleg fram. Norddal kommune som organisasjon har monalege ressursar, ikkje minst gjeld det eit godt kvalifisert personale med høg motivasjon for å yte best mogleg tenester til innbyggjarane. Sjølv om det kan synast som behova ofte er langt større enn dei kommunale ressursane kan stette, er det ingen tvil om at det totale tenestetilbodet og den kommunale infrastrukturen har god standard. Dei statlege overføringane har vorte redusert som følgje av minkande folketal, men dette er langt på veg kompensert gjennom auka eigeninntekter. Imidlertid veks behovet for eit auka medvit i samband med løyvingar, og bruken av løyvingane.
- Det beste utgangspunktet for nødvendige endringar i kommuneorganisasjonen, er å bygge forståinga av omgrepet service i alle plan og hos tilsette i kommunen. Det er her særskilt viktig å bygge evna til å sjå utover. I dette ligg at kommunen sett tenestene i fokus, noko som medfører at rammevilkåra for ulike yrkesutøving/yrkesroller endrar seg. I om at brukarfokus blir auka. Vidare er det ei stor utfordring å sjå koplinga mellom arbeidsmiljø og kvalitet. Sentralt her vil vere å auke produktivitet kombinert med kvalitetsretting, noko som krev samordning. Det nye styringssystemet legg opp til dette. Folketalutviklinga i Norddal kommune har dei seinare åra vore negativ med unntak av 2006, og det har konsekvensar for statlege overføringar og derved den kommunale økonomien. Likevel syner statistikk og økonomiske oversiktar at vår kommune har eit omfang på dei kommunale tenestene som ligg over dei kommunane det er naturleg å samanlikne seg med. Tida er no mogen for å sjå etter om ressursane blir nytta på beste måte.
- Auka krav til effektivitet og produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i den kommunale organisasjonen, og vi vil i større grad møte forventningar om tverrfaglege heilskapsløysingar i tenesteproduksjonen. Krava og utfordringane til kommunen som aktiv samfunnsutviklar vil truleg auke, og kommunen vil i endå større grad vere medaktør i tiltak for å skape attraktive arbeidsplassar.
- Kartlegging av kompetanse er ikkje fullført. Arbeid med plan for kompetanseutvikling må få prioritet i 2009. I mange høve er utdanningstiltak sett i gang utan at det er sett i samband med heilskap og behov. Siste åra har vi opplevd at det stadig blir vanskelegare å rekruttere fagfolk til mange av dei utlyste stillingane. Ein god rekrutteringsplan bør utarbeidast. Fokus må rettast både på tiltak til eksterne søkjarar og til intern kompetanseheving.
- Det har vore ei minke i samla sjukefråver samanlikna med tidlegare år.
- Det er etablert eit godt samarbeid med NAV gjennom avtalen om Inkluderande arbeidsliv, men i mange høve er dette eit arbeid som går over lang tid med den enskilde arbeidsuføre. Arbeid med å redusere sjukefråveret må ha sterkt fokus også i 2009. Vi opplever for alvor at kampen om arbeidskrafta tek til.
- Budsjettkontroll og plikten til å halde seg innanfor dei vedtekne budsjetta må skjerpast inn. I samband med lplos får ein no nye og enda betre kunnskapar om driftsføresetnader i kommunen.

**Teneste: Administrasjon
Eining/ansvarsområde: Servicetorget 2008**

-
- Mål for ansvarsområdet/kort skildringa av tenesta**
- Skal vere bindeledd mellom publikum og det offentlege; yte gode tenester eksternt.
 - Bidra til god samordning og syte for gode og effektive interne tenester.
 - Yter tenester for Skatt Midt-Norge etter avtale.
 - Yter tenester for Norddal Eigedomsselskap KF etter avtale.
-

- Nøkkeltal**
- 6 årsverk fordelt på 7 tilsette.
 - Ekstra ressursar vart innvilga mellombels gjennom året, grunna stor arbeidsmengd.
-

Økonomiske resultat

	Rekneskap -08	Budsjett - 08	Avvik
Sum utgifter	2698321	2718600	-0,8
Fordelte felleskostnader	-863160	0	0
Sum inntekter	-1096875	-793000	38,3
Sum ansvar: 1202 servicetorget	1601446	1925600	-16,8

Fordelte felleskostnader er lønsutgifter som er overført frå verksemdar/avdelingar til servicetorget. I tillegg har servicetorget inntekter frå sal av tenester til Norddal Eigedomsselskap KF og Skatt Midt-Norge, etter avtale.

Administrative eller faglege resultat

- Innføring av Acos Websak og fullelektronisk arkiv; prosjekt saman med Ørskog og Haram kommune.
 - Intern opplæring til alle brukarar av sak/arkivsystemet. Tilrettelegging, implementering og innarbeiding av rutiner har tappa mykje ressursar frå servicetorggruppa gjennom året.
 - Tilleggsmodular knytt til Websak – utviding og utvikling av gode saksbehandlingsrutiner.
 - Tilnærmingar til døgnoen forvaltning; elektronisk søkesenter.
 - Norddal Eigedomsselskap KF; servicetorgoppgåver knytt til oppstart og etablering - system og rutiner.
 - Kommunale avgifter; omlegging og vedlikehald.
 - Opplæring av nyttilsette.
 - Opplæring offentleglova.
 - Beredskapsøving; involvering og læring.
 - Tilføring av nye oppgåver til servicetorget; saksbehandlingsansvar og oppfølging. (m.a. serverings- og skjenkeløyver).
 - Innføring av TRIO; internt meldesystem for fråver som skal sikre oversikt over dei tilsette si tilgjengelegheit.
 - Nedsett arbeidsgruppe for utvikling av servicetorget; "Servicetorget som eiga verksemd?"
 - Intern opplæring, innan fagsystem og endringar
-

Særskilde utfordringar i tida som kjem

- Mangfaldet av arbeidsoppgåver:
 - ivareta og utvikle gode rutiner, tenester og informasjonsoppgåver
 - tilpassing, endringar og læring
 - Vakansar i stillingar skaper større press på servicetorgtilsette.
 - Samansette arbeidsoppgåver krev fagleg og generell kunnskap vertikalt og horisontalt.
 - Betre informasjonsflyt - tilgang på ressursar og arbeidsflyt.
 - Vere i FLYT-sona.
-

Teneste: Skulefritidsordning (SFO) - 2008

Eining/ansvarsområde: Valldal skule, Dalsbygda skule og barnehage, Eidsdal skule.

Mål for ansvarsområdet/

SFO-tilbodet skal:

- Vere eit godt fritid- og tilsynstilbod for elevar i 1. – 4. kl. før og etter skuletid og elles når barna har fri frå skulen på dagtid.
- Sikre borna sitt behov for trygg omsorg og tilsyn.
- Medverke til at borna får eit godt og heilskapeleg tilbod som gir læring og utvikling.
- Gi borna ei oppleving av tryggleik, nærleik og respekt i eit miljø prega av leik og fysisk aktivitet.

Kort skildringa av tenesta

Valldal skule har eit tilbod alle vekedagar før og etter skuletid. Vi har og ope kvar tysdag og annankvar torsdag heile dagen. Tilbodet opnar kl 0720 og stengjer kl 1620. Valldal har eit samarbeid med Syltebøen barnehage når det gjeld tilbod i skuleferiane og i sommarferien. I Dalsbygda er opningstida 0715 – 1615. Eidsdal har hatt eit SFO tilbod måndag, onsdag og fredag i tida 1405 - 1630.

Nøkkeltal

	Brukarar 07	Brukarar 08	Årsverk 07	Årsverk 08
Dalsbygda	13	9	0,40	0,40
Eidsdal **	8	8	-	0,2 / 0,3
Valldal	39	32	1,8	1,8/1,5

Økonomiske resultat

Netto budsjettal

	Budsjett 08	Rekneskap 08	Avvik i %
Dalsbygda	119 000	98 559	-17,2
Eidsdal **	51 500	62 122	20,6
Valldal	429 900	406 682	- 5,4

Administrative eller faglege resultat

SFO-tilbodet ved Dalsbygda skule og barnehage er heilt eller delvis integrert med barnehagen. Foreldra vel sjølv fritt dagar, tidspunkt og samla timetal. Dei kan og velje om tilbodet skal følgje skuleåret eller barnehageåret. Dalsbygda skule har eige SFO-rom.

**Eidsdal skule auka ressursen frå hausten 2008. Tilbodet blir gitt etter skuletid fire dagar i veka. Lokala som vert nytta er dei same som vert brukt til småskuletrinnet ved skulen.

Ved Valldal skule er tenesta fysisk plassert saman med småskuletrinnet. Romma som vert brukte er godt tenelege til føremålet og er felles med det som blir nytta til undervisning. Det same gjeld utstyret. Leikene er i god stand og det utvendige leikearealet er godt tilpassa aldersgruppa. Alle foreldre har fått det tilbodet dei har søkte om med unntak av torsdagar der ønskja var meir omfattande enn det vi kunne gi tilbod om.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Timetalet på småskuletrinnet er auka. Trongen for heile dagar med SFO er difor redusert. Dette medfører ein redusert trong for personale. Truleg vil denne utviklinga halde fram sidan det frå sentralt hald kjem signal om at ein ønskjer å innføre ein eller annan form for "heiltdagsskule". Vi reknar då med at det blir trong for det same personalet i det ordinære skuletilbodet.

Erfaringane ved Valldal skule er at stadig fleire ønskjer eit heilårstilbod. Sidan det nokre veker viser seg å vere få born som nyttar seg av tilbodet i ferien, vil vi halde fram samarbeidet med Syltebøen barnehage. Dette for å gi dei som har trong for det eit fullgodt tilbod når det er få barn til stades.

Teneste: Grunnskule

Eining/ansvarsområde: Dalsbygda skule og barnehage, Eidsdal skule, Tafjord skule og barnehage, Valldal skule.

Mål for ansvarsområdet/ Kort skildringa av tenesta Drift av grunnskulane er regulert gjennom **Lov om grunnskulen** med forskrifter og **Læreplan for grunnskulen**.

Lov om grunnskulen seier:

§ 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einkilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelust. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Endra med lover 17 sep 1999 nr. 74 (i kraft 17 sep 1999, etter res. 17 sep 1999 nr. 1011), 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 4 juli 2003 nr. 84 (i kraft 1 okt 2003), 19 des 2008 nr. 118 (i kraft 1 jan 2009, etter res. 19 des 2008 nr. 1424).

Læreplan for grunnskulen omfattar:

Generell del. Læringsplakaten. Fag og timebyteplan. Fagplanar med formål, innhald, grunnleggjande ferdigheiter, kompetansemål og vurdering.

Grunnskuleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret.

Nøkkeltal	Elevtal 07	Elevtal 08	Årsverk 07	Årsverk 08
Dalsbygda skule	22	20	3,62	3,62
Eidsdal skule	65	59	11,71	11,25
Tafjord skule	9		2,35	
Valldal skule	164	184	22,85	22,1

Økonomiske resultat	Rekneskap 08	Budsjett 08	Avvik i kr	Avvik i %
Dalsbygda skule	2 921 159	3 081 600	-160 441	-5,2
Eidsdal skule	7 755 889	7 681 700		1,0
Tafjord skule				
Valldal skule	15 877 596	15 728 900	148 696	1,0

Skulane har mykje god budsjettstyring. Ressurstyringa kan framleis bli betre.

Administrative eller faglege resultat

Alle skulane:

- Det er satsa på å ha eit godt styringsreiskap gjennom ulike planar som verksemdsplanar, halvårsplanar, vekeplanar.
- IKT blir brukt aktivt av tilsette og elevar for å effektivisere arbeidet og betre kvaliteten, og dei har starta opp med elektronisk læringsplattform på alle skulane.
- Det er gjennomført kvalitetsundersøkingar der resultatet har vore betre enn året før, og det var godt resultat på skriftleg og munnleg eksamen for avgangselevane.
- Skulane blir etter tur vurderte av eksterne fagfolk som gir råd om vegen vidare. Dette året var det ikkje deltakarar, men Eidsdal skule er påmeldt til veke 12 i 2009. Vurderingane blir sett på som svært nyttige for dei skulane som har gjennomført dei.

Spesielt for Dalsbygda:

- Har satsa på ulike område som leseprosjekt, dans/drama, natur/nærmiljø/friluftsliv. Presentasjon av nokre prosjekt for foreldre.
- Bruk av lokale informantar i samband med historieprosjekt knytt til sæterdrift m.m. på Herdalssætra.
- Auka fokus på begynnarpplæring, særleg lesing.
- Arbeid med å utvikle betre arbeidsplanar/vekeplanar.
- Felles frukost/lunch.
- Prioritert kursing/etterutdanning av personalet.
- Verdsarv. Samarbeid mellom skulen, Stiftinga Paktarstova og lokale proff. kunstnarar.
- Installert breiband.

Spesielt for Eidsdal:

- Satsar på styrking av skrive- og leseopplæringa.
- Satsar på eit prosjekt med sjølvtiltidsbygging, bl.a. med revy for ungdomssteget.
- Har fortsett arbeidet med prosjektet "Skulen ut til folket – folket inn i skulen".
- Planarbeid for samarbeidsorgana har vore prioritert.
- Er inne i ein prosjektperiode med delt administrasjon.

Spesielt for Tafjord:

- Vart lagt ned frå 01.08.2007.

Spesielt for Valldal:

- Ein lærar deltar i korps for ekstern vurdering og koordinering/ tilrettelegging av tiltak innan Nordre Sunnmøre kompetanseregion (NSKR).
- Skulen vart hausten 2007 med i eit prosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet for å prøve ut kjenneteikn på kompetansemåla i Kunnskapsløftet. Prosjektet vert avslutta våren 2009. I 2008 mottok skulen 80 000 kr til prosjektet, og det har gjeve friidom til å organisere arbeidet meir effektivt.
- Renovering av klasseromma på u-trinnet og forming- og personalavdeling har fått spesiell merksemd. Det har vore eit godt og konstruktivt samarbeid med det kommunale foretaket og ulike firma som er med i å utforme forprosjektet. Løysingane er framtidsretta og vil tene skulen i mange år framover.
- 2 lærarar har teke vidareutdanning i matematikk. 2 lærarar tek etterutdanning i naturfag.
- Har også i år gjennomført kabaret i ungdomsskulen. Utviklande både for miljøet og personleg for elevane.

Særskilde utfordringar i tida som kjem**Alle skulane:**

- Vidare arbeid med lokale fagplanar og nye vurderingsformer i samband med Kunnskapsløftet.
- Då mange nærmar seg pensjonsalder, vil rekruttering av nye lærarar med omsyn til fagkombinasjonar og kjønnsbalanse vere viktig.
- Å halde oppe motivasjonen i personalet og leggje til rette for kompetanseutvikling gjennom etter- og vidareutdanning som dyktiggjer lærarane til å undervise etter Kunnskapsløftet. Vi treng lærarar innan realfag, språkfag og ikkje minst spesialpedagogikk. Det er difor viktig å utnytte finansieringsordningane der staten og kommunane må yte ein andel på 40%.
- Utarbeide eit kvalitetssikringssystem.
- Halde fram med å gjennomføre plan for samarbeid mellom skulane i kommunen.
- Innkjøp av nye læremiddel og lærebøker som er tilpassa dei nye planane.

Spesielt for Dalsbygda:

- Behalde/rekruttere personale som har kvalifikasjonar/røynsle for fådelt skule.
- Nye leikeapparat på skuleplassen.
- Gode pedagogiske og sosiale tilbod for alle barn i bygda.
- Skulen skal vere ein stad der alle tek vare på kvarandre.
- Utvendig bygningsmessig vedlikehald.
- Utfordringar generelt i høve til minkande elevtal

Spesielt for Valldal:

- Gjennomføre utbyggjinga som står føre vil gjere skulen attraktiv og meir interessant for nye arbeidstakarar. Men det er vanskeleg å finne bustadar i kommunesenteret, så gode løysingar på dette må prioriterast.
- Vidareutvikle samarbeidet med føresette og nytte resultatane frå elev- og brukarundersøkingar til å utvikle ein betre skule.

Spesielt for Eidsdal:

- Inventar og utstyr begynner å bli elda, må skiftast ut framover.
 - Behalde og rekruttere personale med ønska kvalifikasjonar, spesielt for ungdomssteget.
 - Vedlikehald av skulen utvendig.
 - Halde vedlike samarbeidet med dei føresette.
 - Utnytting av breiband gjennom fiberkabel.
-

Teneste: Vaksenopplæring - 2008
Eining/ansvarsområde: Valldal skule

Mål for ansvarsområdet/ Kort skildringa av tenesta Dette er ei teneste som skal gi tilbod om opplæring til innbyggjarane innan fleire område. I 2007 omfatta dette følgjande:

- Opplæring i norsk og samfunnsfag for innvandrarakar.
- Vedlikehaldsundervisning for vaksne utviklingshemma.

Det er ei målsetting at denne tenesta skal:

- Gjere det lettare for innvandrarakar å verte integrert i lokalsamfunnet.
- Gi utviklingshemma ein meir meningsfull kvardag.

Det er Valldal skule som er tillagt ansvaret for å gi tenester på dette området.

Nøkkeltal Årsverk i dette tenesteområdet:

Stilling	Vår 08	Haust 08
Lærarakar	0,8	0,4
Assistentar	0	0
Sum årsverk	0,8	0,4

Økonomiske resultat Budsjett og rekneskap

	Budsjett	Rekneskap	Avvik i %
Utgifter	499 419	581 500	- 14,1
Inntekter	-160 782	- 106 300	51,3
Netto utg.	338 637	475 200	- 28,7

Det vert kjøpt tenester av Stranda kommune for om lag 191 000 kr til vaksne funksjonshemma og til norskopplæring for innvandrarakar. Dette er ikkje inkludert i tabellen som viser årsverk, men er medteke i tabelloppsettet over utgifter/inntekter. Avviket i netto utgifter kjem i hovudsak av at undervisninga lokalt vart lagt ned hausten 08.

Administrative eller faglege resultat Undervisninga av vaksne innvandrarakar har fram t.o.m. våren 2008 vore fordelt på 3 økter på ulike vekedagar og vore lokalisert til Valldal skule (to på kveld og ei på dagtid). Deltakinga i sesse kursa har vore så lav, at det for skuleåret 2008-09 vart inngått avtale med Stranda kommune om kjøp av undervisningstenester for denne gruppa av elevar. Ein person har hausten 08 hatt rett til slik opplæring.

Vaksne utviklingshemma får opplæring med sikte på å vedlikehalde dugleik innan lesing, skriving og talforståing i tillegg til opplæring i praktiske gjeremål i den grad det er teneleg for den einskilde. Trongen for slik opplæring bør gå fram av individuelle planar for dei som tilhøyrer denne gruppa. I 2008 har deler av denne undervisninga vorte gjort i eit fellesskap med elevar frå Stranda kommune og kombinert med arbeid på verna bedrift (ASVO).

Særskilde utfordringar i tida som kjem Refusjon i for undervisning av innvandrarakar og flyktingar som kjem etter 1. sept. 05. vert gitt med eit fast beløp pr. person og ikkje som no etter talet på grupper. For ei kommune med få flyktingar/ innvandrarakar vert difor finansiering av lokale kurs ei økonomisk utfordring. Samarbeid med nærliggande kommunar kan vere med på å oppretthalde eit tilbod i regionen når det gjeld denne elevgruppa.

Vidare blir det i større grad nødvendig å ha individuelle planar som seier meir om trongen for opplæring i høve til den einskilde vaksne utviklingshemma. Opplæringa må også veksle mellom individuell opplæring/rettleiing tilpassa den einskilde sine behov, og opplæring i grupper med tanke på den einskilde sin trong for eit fellesskap. Skal vi få til dette, er det naturleg å samarbeide med andre kommunar om eit felles tilbod.

Teneste: Barnehage

Eining/ansvarsområde: Syltebøen barnehage, Eidsdal barnehage, Dalsbygda skule og barnehage.

Mål for ansvarsområdet/Kort skildringa av tenesta Sentralt for barnehagane er **Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar**. I lov om barnehagar står det m.a.:
 Barnehagen skal gje born under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetstilgjenge i nær forståing og samarbeid med heimen.
 Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd.
 Barnehagen skal hjelpe heimane med omsorgs- og oppdragaroppgåver, og på den måten skape eit godt grunnlag for borna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn.
 Barnehagen skal gje born grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område.
 Barnehagen skal formidle verdiar og kultur.
 Departementet fastset ein rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gje retningslinjer for innhaldet og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen kan ha lokale tilpasningar.

Nøkkeltal	Årsverk	Barnetal 07	Barnetal 08	Årsverk 07	Årsverk 08
	Syltebøen barnehage	62	63	10,55	11,20
	Eidsdal barnehage	16	19	3,20	3,40
	Dalsbygda barnehage	8	9	2,22	2,39

Økonomiske resultat		Rekneskap 08	Budsjett 08	Avvik i kr	Avvik i %
	Syltebøen barnehage	1 583 589	1 779 900	-196 311	-11,0
	Eidsdal barnehage	786 382	707 100	79 282	11,2
	Dalsbygda barnehage	575 898	664 200	-88 302	-13,3

Merknad:

Barnehagane har god budsjettstyring og ressursutnytting. Truleg er dette kommunen si mest effektive teneste.

Administrative eller faglege resultat

Alle barnehagane:

- Innføring av ny barnehagelov og ny rammeplan, planlegging av utviklingsprosjekt.
- Vedteke kommunal kompetanseplan.
- Systematisk jobbing med kvalitetsutvikling og kvalitetssikring.
- Brukarundersøkingar og evalueringsskjema.
- Kontrollert økonomistyring.
- Delteke på barnehagekonferansen og i nettverkssamlingar interkommunalt.
- Formalisert samarbeid verksemdene imellom.
- Samarbeid med kulturskulen om dansetilbod.

Spesielt for Syltebøen:

- Vi arbeider vidare med STEG FOR STEG (sosial kompetanse).
- Samarbeid med Valldal skule.
- Adventsfest.
- Utfordringar i høve vikarbehov.
- Solid og stabil personalgruppe med høg kompetanse, men fleire skifter i verksemdsleiarfunksjonen hausten 2008.
- Flott markering av barnehagedagen.
- Besøksdagar vår og haust.
- Sommaropen barnehage.

Spesielt for Eidsdal:

- Samarbeid med Dalsbygda barnehage og kyrkjekontoret rundt hausttakkefest.
- Uteområdet har fått eit løft, men ikkje alt er heilt på plass.
- Mykje flott arbeid med FORUT prosjekt
- Har arbeida rundt temaet sosial kompetanse og natur, miljø og teknikk
- Godt engasjement og flott oppmøte på ulike tilstelningar i barnehagen
- Har arbeida bevisst med dokumentasjon i barnehagen.
- Arbeidt med språk og språkutvikling. Språksprell.
- Har hatt lærling frå hausten.
- Delvis sommaropen barnehage.

Spesielt for Dalsbygda:

- Skuleelevane kjem til barnehagen og les for dei.
- Skuleførebuande opplegg for 5/6-åringane.
- Prioritert kursing av personalet.
- Samarbeid med kyrkjekontoret og Eidsdal barnehage om hausttakkefest.
- Samarbeid med skulen om ymse arrangement/aktivitetar, m.a. Forut.
- Ymse arrangement der foreldre/besteforeldre er inviterte.
- Arbeidt mykje med språkstimulering, språkutvikling og dokumentasjon.

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 19 av 35

Særskilte Alle barnehagane:

- utfordringar i tida som kjem**
- Tilpassing til ny barnehagelov og ny rammeplan. Utarbeiding av lokale planar.
 - Høgt fokus på arbeidsmiljø, særleg gjennom utviklingsarbeid og arbeid med struktur og rutiner.
 - Satsing på kompetanseheving og kvalitet.
 - Meir formalisert kontakt mellom barnehagane i kommunen.

Spesielt for Syltebøen:

- Fokusere på tiltak for å halde sjukefråværet nede.
- Få til ei tilfredsstillande ferieavvikling.
- Betre dei tilsette si stoltheit over eigen arbeidsplass.
- Oppruste uteområdet, spesielt for småbarnsavdelinga.
- Fornyng av inventar.
- Samarbeide med Eidsdal og eventuelt Dalsbygda barnehage om sommaropning.
- Ha nok kapasitet til å dekke behovet for barnehageplassar.

Spesielt for Eidsdal:

- Oppretthalde søkermasse og rekruttering.
- Ny komfyr og fornyng av anna inventar.
- Totalvurdering av bygget med omsyn til teknisk og miljømessig standard.

Spesielt for Dalsbygda

- Opparbeiding/fornyng av uteområdet
- Auke brukstida (større opphaldsprosent).
- Satsing på kompetanseheving og kvalitet.
- Utfordringar i høve til nedgang i barnetal.

Teneste: Kultur

Eining/ansvarsområde: Kulturskule, bibliotek, kultur, God Helse, barn og unge, Kraftsenteret, beredskap

Mål for ansvarsområdet/ Kort skildringa av tenesta

Bibliotek

Overordna målsetjing:

"Folkebiblioteket skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent. Folkebiblioteket er ledd i et nasjonalt biblioteksystem."

Kultur

§ 4 i Kulturlova seier: *"Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerende og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt"*.

Kultur er limet som held samfunnet saman og som skapar meining og innhald gjennom identitets-, haldningsskapande og førebyggjande aktivitetar. Vi vil at kulturarbeidet i Norddal kommune skal bidra til å styrke kunnskap og identitet, auke trivselen og bidra til nyskaping, for med det å medvirke til at vårt lokalsamfunn blir ein attraktiv stad å bu i, etablere seg i og feriere i for alle grupper i befolkninga.

Kulturskulen

I tillegg til eit lokalt ønskje om gode tilbud til barn og unge i Norddal, er det sentrale føringar i kva kulturskulen skal innehalde. Her kan nemnast: Lovfesting av musikk- og kulturskulen, Lov om grunnskulen – ny opplæringslov, Ny § 42 c vedteken i Stortinget 05.06.1997 – iverksett frå 1. juli 1998

"Alle kommuner skal alene eller i samarbeid med andre kommuner ha et musikk- og kulturskoletilbud til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet ellers."

Barn og unge

Vi ynskjer at barn og unge skal trivast i Norddal kommune. Dei skal gjennom oppveksten kjenne meining og trivsel og at det er bruk for dei. Barne- og ungdomsåra skal gi dei ein god bakgrunn for å gå vidare i livet. Dei skal vere aktive og engasjerte og erfare at dei har påverknad på livssituasjonen sin.

God Helse

God Helse er Møre og Romsdal fylke sitt langsiktige arbeid for å gi folk i fylket eit godt liv. Målet er at flest mogleg meistrar sin eigen livssituasjon.

Gjennom eit positivt, langsiktig og heilskapleg førebyggingsarbeid skal vi skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for menneska som er busett i kommunen.

Kraftsenteret

Vi skal vere ein møteplass der menneske kan finne glede og utfordringar gjennom aktivitetar og tiltak som er

meningsfylte. I samarbeid med lokale lag, nærmiljø og brukarane skal vi leggje til rette for deltaking og meistring.

Nøkkeltal	Årsverk	Årsverk	Årsverk	Årsverk
	2005	2006	2007	2008
Norddal bibliotek	1,62	1,62	1,62	1,62
Kultur	0,50	0,50/1,0	2*	2*
Norddal kulturskule	3,22	3,3	3,3	3,9
Kraftsenteret		1,0	1,0	1,0

* Under kultur er også medteken 50 % stilling som folkehelsekoordinator, og 50 % stilling som miljøarbeidar barn og unge

Budsjett 2008: 5 861 040 kr

Rekneskap 2008: 5 405 321 kr (inkl. tilskot kyrkja og trussamf.)

Økonomiske resultat	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
	Netto Kultur	1 515 294	1 831 340	- 316 046
Netto Norddal bibliotek	978 714	979 000	- 286	0
Netto Norddal kulturskule	1 075 936	1 127 000	-51 064	-96
Kraftsenteret*	353 445	448 700	-95 255	-79
Kyrkja, tilskot trussamfunn	1 487 256	1 475 000	12 256	0

Administrative eller faglege resultat

Biblioteket

- Tafjord filial har flytta frå skulen til Ungdomshuset. Filialen vart opna igjen i januar, og har vist seg å bli møteplass i bygda som vi håpa på. Utlånet har stege med 65 %.
- Hovudbiblioteket er med i prosjektet "Muriparken", skal på sikt inn i rådhuset. Framlegg til ombygging blir snart lagt fram.
- Lite sjukefråvær, godt arbeidsmiljø
- Jamn drift som vanleg, mykje tid på bortpakking av eldre/litt uaktuelle bøker for å få plass til nye i hyllene ved hovudbiblioteket.
- Bibliotekbruken ganske stabil, oppgang ved dei fleste avd. Norddal filial ned. Ved den filialen er eit forsøk i gong med sal av vaflar og kaffi, for å sjå om det kan få same effekt som i Tafjord.

Kultur

- Gjennomført faste oppgåver som tildeling kulturmidlar, kulturforum, kulturdag, ungdommens kulturmønstring m.v. I tillegg kjem sakshandsaming.
- Vore tungt involvert i beredskapsarbeid
- Bistått og formidla søknader om spelemidlar
- Arbeid med turkartprosjektet

Kulturskulen

- Elevplassane/elevtalet har auka til 225, det var ca 180 hausten 08.
- Aktivt med i kabareten på Valldal skule.
- Konsertar på Muritunet, eldresenteret og skulane i Valldal og Eidsdal.
- Sel dirigenttenester til korps og kor samt aspirantopplæring.
- Medverkande på div. tilstellingar til lag og organisasjonar på forespørsel.
- Stor interesse for dansetilbodet
- God rekruttering til skulekorpsa
- Konsertar på institusjonane ein gong i månaden
- Er med i utviklingsprosjektet Kulturskulefokus 3 i regi av Norsk Kulturskoleråd
- Arbeider med framtidfortelling/utviklingsplan for kulturskulen

Barn og unge

- Ungdomsrådet har møte jamleg
- *Ung fredag* er etablert som møteplass for unge frå heile kommunen
- *Ung helg* gjennomført 12.-13. september
- Innført *Hoppekassa*, næringsfond for ungdom
- Medspelar for ungdomsklubbane; Sylte ungdomsklubb har vaksenleiar og faste klubbkveldar ein gong i veka. Samarbeid mello føresette og Røde Kors om junior- og ungdomsklubb på RK-huset i Eidsdal.
- Ungdom frå Norddal deltok på *Aksjonsveka mot narkotika* på Stranda
- SLT-arbeid starta opp

God Helse

- Trilletterar/foreldretreff i samarbeid med Kraftsenteret og helsestasjonen
- *Vekas tur* og God Helse-spalte i Storfjordnytt
- Deltakar i arbeidsgruppe for turkart i kommunen
- Lokal hoppetaukonkurranse

- Markering av *Verdas tobakksfrie dag*
- Uteområdet ved Valldal skule, søknad om spelemlidlar
- *Aktiv på dagtid* starta opp

Kraftsenteret

- Oppretta arbeidsgruppe i samarb. med psykiatrisk koordinator
- Utarbeidd aktivitetsplan utsendt til alle husstandar
- Delteke på ulike lagsmøte og bibliotek for å gjere tilbodet kjent
- Oppretta skysstilbod kvar fredag
- Inngått samarbeid om vaksenopplæring
- Gjer tilbod til fleire funksjonshemma
- Arbeid om sjølvhjelp
- Arbeid med oppretting av tiltaksplassar
- Tilrettelegging for utlån av lokala
- Arbeid med frivilligsentralen

* Fullstendig årsmelding for Frivilligsentralen ligg på www.norddal.kommune.no under frivilligsentral.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

- **Bibliotek**
- Nye lokale hovudbiblioteket.
- Opprydding i samlingane ved alle avdelingane..

Kultur

- Arbeide for at kommunen blir ein føregangskommune for NaKuHel
- Satsing fram mot Kulturminneåret 2009
- Vidareutvikle kultur som eiga eining
- Arbeide med å få på plass Den kulturelle spaserstokken

Kulturskulen

- Arbeider for å legge til rette for opplæring i dans for førskuleborn.
- Arbeider for å legge til rette for musikkteater
- Arbeider for å opprette tilbod til elevane med behov for tilrettelagt undervisning.
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid spesielt med tanke på rekruttering av lærarar
- Arbeider for å få bildefaget på føtene igjen.

Barn og unge

- Følgje opp tiltak i Byggande plan
- Arbeide for eit aktivt og engasjert ungdomsråd m.a. gjennom betre samarbeid med skulane
- Vidareutvikle det interkommunale samarbeidet med t.d. samordning av arrangement
- Vidareutvikle nettsida *Ung i Norddal*
- Ung fredag-tilbod til elevane på mellomsteget
- Ung helg 2009, 11.-12. september
- Gjere SLT-arbeidet kjent innan og utanfor kommunen
- Foreldremøte om rus i mai
- Ny rolle: barnerepresentant

God Helse

- lage aktivitetsprogram for sommarhalvåret i samarbeid med idrettslaga/andre lag
- deltakar i samarbeidet for rusfrie ungdomsarrangement
- Nettside *God Helse Norddal*
- Avslutte arbeidet med turkartet
- Fokus på kosthald i skule og barnehage
- samarbeid med Mental Helse og Kraftsenteret om markering av verdsdagen for psykisk helse
- fylgje opp *Aktiv på dagtid*
- God Helse inn i alle verksemdene i kommunen
- Uteområdet ved Valldal skule

Kraftsenteret

- Arbeide for at tilbodet vert kjent
- Knyte til seg personar som ønskjer å bruke fritid saman med andre, og ta vare på dei
- Lage halvårsplan/aktivitetsplan til alle husstandar
- Få til samarbeid med fleire tilsette innan helse og omsorg
- Opprette tiltaksplassar.
- Følgje opp arbeid om sjølvhjelp
- Samarbeide med lag/organisasjonar, og vere eit støtte for desse
- Gjere skysstilbodet kjent
- Opprette Kulturkalender for eldre
- Ta aktivt del i arbeid om Kulturminneåret 2009

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 22 av 35

Teneste: Kommnehelse

Eining/ansvarsområde: Helseavdelinga

Mål for ansvarsområdet/kort skildringa av tenesta Omfattar legekantoret i Valldal og utekantoret i Eidsdal, helsestasjonen med helsesøster inkl. jordmor, psykiatrisk sjukepleiar, kommunefysioterapeut og ergoterapeut, dei to sistnemnte er avtalar med Muritunet. Kommunen har avtale om driftstilskot med fysioterapeutar som driv privat praksis, fordelt til fysioterapeutar på Muritunet. Når det gjeld legesituasjonen har kommunen hatt tre gjennomgåande årsverk legar heile året. Legevakta krev supplerande innleige av "vikarlegar, ut over at kommunen også har avtale med lege tilsett ved Muritunet. Det har vore skifte i kommunlege 2-funksjonen.

Nøkkeltal	Årsverk	2003	2004	2005	2006	2007	2008
	Legesekretærer	2,35	2,35	2,35	2,35	2,35	2,35
	Helsestasjonen inkl. jordmor	2	1,8	2	2	2	2
	Legar inkl. turnuslege	3	3	3	3	3	3
	Psykiatrisk sjukepleiar	1	1	1	1	1	1
	Kommunefysioterapeut*	0,5	0	0	0	0	0
	Ergoterapeut*	0,5	0	0	0	0	0
	Sum årsverk	9,35	8,15	8,35	8,35	8,35	8,35

*Sjå avtalar med Muritunet

Økonomiske resultat	Rekneskap	Buds(end)	Avvik %
	2 008	2 008	
3101 Helsestasjon	737800	632169	-14,3
3102 Kurativ helsevern	3508600	3863101	10,1
3103 Jordmorteneste	249300	246710	-1
3104 Fysioterapiteneste	704400	708378	0,6
3105 Psykiatri	-822100	-1261389	53,4
3107 Folketannrøkta	-38000	0	-100
3108 L-V sentralen	232000	131165	-43,5
Netto	4572000	4320133	-5,5

Administrative eller faglege resultat Helseavdelinga har i meldingsåret utført dei ulike program og tiltak som lov og føresegner krev.

Særskilde utfordringar i tida som kjem Dei kommunale legetenestene må kome meir til syne. Arbeidsmiljøet i avdelinga må styrkjast i kraft av tverrfagleg samhandling og samhandling med andre tenester. Ein må tilstreve kontinuitet i legetenesta.

Teneste: Sosialtenestene

Eining/ansvarsområde: Sosialkontoret

Mål for ansvarsområdet/kort skildringa av tenesta

Tenestene innanfor sosial og barnevern arbeider innanfor lov om sosiale tenester, lov om barneverntenester og alkohollova. Sosialtenesta har sine hovudarbeidsoppgåver innanfor følgjande område: Sosialteneste med råd og rettleiing, økonomisk sosialhjelp, avlastning, støttekontakt, rusomsorg, reduksjon av renovasjonsavgift, arbeid med flyktingar, gjeldsrådgiving, barnevernteneste, individuelle planar og ansvarsgrupper. For Husbanken yter sosialtenesta sakshandsaming i forhold til bustønad, etableringstilskot og utbedringstilskot. Sosialtenesta er også med i arbeid innanfor OT-Oppfølgigstenesta for ungdom. Dette er arbeid for ungdom som av ulike grunnar sluttar skulegang under utdanninga si og har behov for ulik hjelp i tilknytning til dette. Det blir ytt hjelp til transportordningar for funksjonshemma.

Sosialtenesta har i alt ei 100 % stilling og denne utgjer ein stabsfunksjon. Av denne stillinga er 30 % til arbeid innanfor barnevern og dei resterande 70 % innan sosiale tenester.

Nøkkeltal Budsjet 2008: 2 013 400 kr Rekneskap 2008: 1 495 601 kr
 Årsverk 1.1.08: 1,0 Årsverk 31.12.08: 1,0

Økonomiske resultat		Buds(end)	Rekneskap	Avvik(per.)	
		2008	2008		
	3201	Sosialkontor	634 600	680 218	7,2
	3202	Økonomisk sosialhjelp	478 000	271 543	-43,2
	3203	Edruskapsvern	52 300	-47 296	-190,4
	3204	Barnevern	848 500	591 137	-30,3
		TOTALT	2 013 400	1 495 601	-25,7

Administrative eller faglege resultat

Dei mest sentrale arbeidsoppgåvene for sosialtenesta i 2008 har vore innanfor økonomisk sosialhjelp, gjeldsrådgiving, individuell plan, ansvarsgrupper, avlastning og støttekontakt, rusførebygging, undersøking av hjelpetiltak i barnevernet, transportteneste, bustønad og arbeid innanfor alkohollova. Sosialtenesta her hatt relativt stor pågang innan gjeldsrådgiving og har samarbeid med Namsmannen om nokre av desse sakene. Alle meldingane innan barnevern og kontakt med brukarar er følgd opp på ein tilfredstillande måte. Det ser ut til at Sosialtenesta har med unnatak av tilbod om støttekontakt har klart å yte eit heilskapeleg tilbod til personane som har hendvendt seg i 2008.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Sosialtenesta har 1 årsverk. I 2009 skal sosialtenesta i Norddal Kommune delast opp og 100 % stilling blir overført til NAV, Storfjord. Det er oppretta ei halv stilling innan barnevernet og denne stillinga blir overført til det Interkommunale barnevernssamarbeidet mellom kommunane: Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal. Barnevernskontoret for kommunane blir i Skodje. Den halve stillinga innan barnevern skal overførast til det Interkommunale barnevernssamarbeidet i august månad. Sosialtenesta med 1 årsverk vil ha utfordringar med prosjektarbeidet innan det Interkommunale samarbeidet for barnevern og etablering av NAV. Dette er utifrå at sakshandsaming innan barnevern og sosialtenesta skal utførast på ein tilfredstillande måte for brukarane saman med prosjektarbeidet som er tidkrevjande. Norddal kommune har ei lav bemanning innan barnevernet utifrå antall saker, innbyggartal og når ein samanliknar dette med landsgjennomsnittet. Ei auka bemanning innan barnevernet frå årsskiftet 2009 hadde kvalitetssikra og fremja det førebyggjande barnevernet i Norddal kommune.

Teneste: Pleie og omsorg

Eining/ansvarsområde: Institusjon, heimebaserte tenester

Pleie og omsorg femner om heimetenestene i kommunen i form av heimehjelp og heimesjukepleie. Tiltak for personar med utviklingshemming er organisert under heimetenestene. Institusjonsbasert omsorg i form av Valldal sjukeheim med to avdelingar.

• **Heimetenestene**

- Heimetenester i Valldal dekkjer heimesjukepleie, heimehjelp, 22 omsorgsbustader (gml trygdeavdelinga) og 6 rehabiliteringsplassar/korttidsplassar.
- 13 ubemanna omsorgsbustader i Valldal.
- Elvetun med 3 bustader for personar med utviklingshemming. Avlatingsbustaden blei delar av året nytta som permanent bustad. Teneste til to personar med funksjonshemming som bur utanom dette bufellesskapet.
- Omsorgsbustadane i Eidsdal med 12 bebuarar, dekkjer heildøgnsbemanning i bustaden, samt heimehjelp og heimesjukepleie i Eidsdal og Norddal. Kjøkkenet ved bustaden lagar middag til alle i Eidsdal og Norddal samt at dei leverer middag til heimebuande.
- 2 ubemanna omsorgsbustader i Eidsdal.
- Omsorgsbustaden i Norddal med 5 ordinære leilegheiter og 2 mindre leilegheiter, som dekkjer døgnbemanning (kvilande nattevakt), heimhjelp og heimesjukepleie. Desse to einingane er å sjå på som ei eining der personalet vekslar mellom å være i Eidsdal og Norddal.

• **Valldal sjukeheim**

- Somatisk avdeling med 20 sengeplassar derav eit rom som teminalrom. Dette rommet blir i periodar brukt til ordinært rom, då presset på plassar til tider er stort.
- Dementavdeling – Loftet med 8 sengeplassar.
- 6 korttidsplassar fysisk plassert på omsorgsbustaden i Valldal.
- Kjøkken som lagar mat til alle bebuarar i institusjon, 22 omsorgsbustader samt at dei lagar og leverer middag til heimebuande. Kjøkkenet har ei varierende mengde levering av møtemat og div andre leveransar. Dette blir utført så sant ein har kapasitet til dette.
- Reinhold/vaskeri som har alt reinhold av alle institusjonsplassar, alle fellesrom og vasker klede for alle som bur her. I tillegg har dei vask av arbeidsklede til personalet.
- Arbeidsstova med aktivitør og aktivitørassistent

Etterspurnaden på sjukeheimplass og omsorgsbustad varierar, varierende venteliste på omsorgsbustad på begge sider av fjorden. Ved årsskiftet hadde vi ingen på venteliste i Norddal og Eidsdal. I 2008 hadde vi ingen liggande på sjukehus på venteplass vi måtte betale for. Alle plassar har gjennom året vore bebudd. Liggedøgnstatistikken viser eit belegg på 98 %. 5 av korttidsplassane var ved årsskiftet bebudd av pasientar med vedtak om langtidsopphald, slik at ein i realiteten ikkje liten kapasitet som kan nyttast til avlasning eller korttidsplass. Talet på heimebesøk er relativt stabilt. Bebuarane i omsorgsbustadane er gjennomsnittleg dårlegare og krev difor meir hjelp frå heimetenestene. Etterspurnaden på heimehjelp ute på bygda var noko synkende, då mange av heimebuande flytta inn i bemanna omsorgsbustad eller på institusjon.

Nøkkeltal	Budsjett 2008: 41 217 000		Rekneskap 2008: 41 784 000			
			2005	2006	2007	2008
Årsverk						
Heimetenester:						
Administrasjon			1	1	1	1
Elvetun			9,62	9,62	9,62	9,62
Heimetenesta i Valldal, med oms.bustadane			16,24	16,6	18	18,95
Heimetenesta i Eidsdal/Norddal			11,4	11,5	11,5	11,5
Tiltak funksjonshemma			5,63	5,63	5,63	4
Verna arbeidsplass			0,2	0,2	0,2	0,2
Institusjon:						
Administrasjon, verksemdleiar/sekretær			1,5	1,5	1,5	2
Sjukeavdelinga – spl, hjpl, oms.arb, ass			20,8	20,8	21,4	21,5
Skjerma avdeling – spl, hjpl, oms.arb, ass			7,1	7,2	7,2	7,2
Aktivitør			1,5	1,5	1,5	1,5
Verna arbeidsplass			0	0	0	0
Kjøkken			4,9	4,9	4,9	4,8
Reinhold/vaskeri			3,8	3,8	3,8	3,8
Lærling			0,5	0,5	0,5	0,7
			84,19	84,75	86,75	86,77

Økonomiske resultat	Regnskap		
	2008	Buds(end) 2008	Avvik(%)
3401 Heimeteneste i Valldal/Fjørå/Tafjord	7 875 000	8 986 000	- 12
3402 Heimeteneste i Eidsdal/Norddal	6 460 000	6 003 000	8
3415 Elvetun	3 282 000	3 524 000	-7
3416 Tiltak funksjonshemma	2 773 000	2 224 000	25
3450 Valldal sjukeheim	21 394 000	20 481 000	4
Sum	41 217 300	41 217 300	1,4

Overforbruket på ansvar 3416 skuldast i stor grad at det rekneskapsmessig er ført tenester brukt av ansvar 3401, slik at dei to ansvarsområda må sjåast i samanheng. Praktisk tilrettelegging av personale er årsak til denne endringa. Dette vert justert for 2009. Bruk av vikarbyrå ved sjukdom har ført til meirforbruk. Vi har mange fagpersonar tilsett i store stillingar og når behovet for ein fagperson er tilstades, må ein ofte ty til bruk av overtid. Variable tillegg er vanskeleg å få budsjettert rett då det varierar med sjukefråvær. Pensjonsartar alle ansvar er rekneskapsmessig høgare enn budsjettert. Verksemda har rekneskapsmessig kome ut med eit resultat på eit overforbruk på 1,4 % totalt (ca 600 000 kr) for pleie og omsorg. Når overtrekket blir så lågt totalt, skriv dette seg frå at rekneskpsføresegner har vorte endra og ein kan føre 1,7 mill som auka statstilskot i 2008. Budsjettovertrekket er om lag 2,3mill kr. Det største overtrekket finn ein på pleieavdelinga. Verksemda har såleis framleis utfordringar i pengestyringa som må løysast. Vidare kan ressursbruken bli betre.

Administrative eller faglege resultat

Heimebasert

Personellsituasjonen har vore relativ stabil. Sjukefråvær har skapt dei største utfordringane på dette området og ein har måtta nytta vikarbyrå for å kunne gi ei forsvarleg teneste. Alle fagstillingar var ved årsskiftet dekt opp. Ein sjukepleiar vart ferdig med vidareutdanning i aldring og eldreomsorg.

Arbeidsmiljøet i avdelingane varierar, men blir jamleg jobba med. Men ein kan frå overordna ståstad sjå at arbeidsmiljøet er vesentleg betre. Det vart i samarbeid med NAV kjørt eit prosjekt med namnet Nærvær i fokus. Målet med prosjektet var å sjå kva avdelinga sjølv kunne gjere for å redusere sjukefråværet ved å sjå på struktur og kultur i avdelinga. Det blir jobba vidare med dei tema som ikkje vart gripe tak i gjennom prosjektet. Ein avdelingssjukepleiar er under vidare utdanning innan leiing.

Dei fysiske arbeidstilhøva ved gamlebygget i Valldal er framleis det same. Eigedomsselskapet har fått i bestilling å sjå på den totale bygningsmassen i pleie og omsorg.

I Eidsdal er kjøkkenet renovert slik at dei no har eit moderne kjøkken som bl.a. stettar krava til mattilsynet.

Avdelingssjukepleiar på sørsida har fått eige kontor.

Institusjon

Personellsituasjonen ved sjukeheimen er stabil, og den største utfordringa har vore å dekke opp sjukepleiestillingane. Ved årsskiftet var 2,8 stillingar ledige. Sjukefråværet har variert gjennom året, men viser på årsbasis ein nedgang. Tilsette som har gått av med pensjon har også i 2008 vore ein god og naudsynt ressurs. I løpet av året har 11 tilsette starta utadanning som helsefagarbeidar. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt med Stranda og Stordal kommune i regi av Stranda vidaregåande skule. Avsluttande fagbrev blir i løpet av sommaren 2009. Det er tilsette frå alle avdelingar som deltek på denne utdanninga. Dei har vore i praksis på ei anna avdelinga enn dei oprinnleg arbeider. Dette har gjort at dei kan brukast som vikarar på tvers avdelingane. To sjukepleiarar er under vidareutdanning innnan lindrande behandling til kronisk sjuke.

Heimebasert omsorg

Å gi rette tenester i rett omfang er den største utfordringa i heimtenestene. Det er viktig å tildele tenester etter lovkrava. Innbyggerane i Norddal kommune har store forventningar til heimtenestene og ein må være realistisk i tildelinga av tenester. Brukarmedverknad er viktig å ta omsyn til. Samordning av tenestetilbodet til brukarar med funksjonshemming blir eit prioritert område for 2009.

Institusjon

Behov for sjukeheimsplassar er til tider stort og i periodar har vi hatt behov for fleire plassar enn vi har. Belegget gjennom året viser likevel at vi har ein tilfredsstillande kapasitet. Å skaffe personell med rett kompetanse vil også i åra framover gi oss utfordringar. Hjelpepleiarstaben er stabil. Det er vanskelegare å skaffe stabilitet blant sjukepleiarane enn hjelpepleiarane.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Hovudutfordringa for heile pleie og omsorg vil framleis være å gi kvalitetsmessige gode tenester utifrå dei ressursar vi til ei kvar tid har tilgjengelege. Store lovkrav og andre krav frå myndigheiten gjer at spesielt leiarane i avdelingane får større utfordringar. Psykiatri i både heimtenesta og institusjon er ei utfordringa då få av personalet har utdanning innan dette feltet. Vi er avhenging av å få veiledning frå spesialisthelsetenesta. Demensplan 2015, omsorgsplan 2015 og kompetanseplan 2015 er planverk vi må ta omsyn til ved utforminga av teneste i åra framover. Kompetanseheving blant personalet generelt vil være ei god investering i åra framover, både for å behalde og rekruttere. Nye utfordringar i høve meir komplekst sjukdomsbilete krev personell med brei kompetanse.

Meir og meir av behandling og oppgåver blir flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunene. Vi ventar i spenning på samhandlingreforma.

Teneste: Tekniske tenester

Eining/ansvarsområde: PBO og FDV

Mål for ansvarsområdet/kort skildringa av tenesta

PBO: Avdelinga har som hovudansvar områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (delingssaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid md grunnnerv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er og lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investerings sida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

Teknisk drift - FDV er ei verksemd som har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vatn, avløp, renovasjon, park og anlegg samt bygningsmassen til kommunen og eigen maskinpark.

Nøkkeltal	Budsjett 2006: 6 920 800 kr			Rekneskap 2006: 7 345 207 kr			
	Årsverk	2003	2004	2005	2006	2007	2008
PBO		2	2	2	3	2	2
FDV		10,6	10,1	10	9,6	10	5,5

Økonomiske resultat	Regnskap	Buds(end)	Avvik i %
	2008	2008	
Sum ansvar: 4100 Fagansvarleg FDV	724 543	78 000	828,9
Sum ansvar: 4201 Kommunale vegar	3 350 167	2 504 100	33,8
Sum ansvar: 4202 Veg og gatelyst	537 973	450 000	19,6
Sum ansvar: 4301 Kommunale bustader for utleige	803 850	811 600	-1
Sum ansvar: 4302 Nærings- og utleigebygg	1 634 874	1 640 500	-0,3
Sum ansvar: 4303 Andre bygg og eigedomar	74 814		0
Sum ansvar: 4401 Renovasjon	827 186		0
Sum ansvar: 4402 Avløp og rens			0
Sum ansvar: 4403 Vassverkdirft	216 691	800	*****
Sum ansvar: 4501 Felles maskinpark	646 058	382 500	68,9
Sum ansvar: 4601 Offentleg område	585 103	136 500	328,7
Sum ansvar: 4701 Tafjord Friluftsbad	264 234	251 700	5
Sum ansvar: 5100 Fagansvarleg PBO	2 010 751	1 394 900	44,2
Sum ansvar: 5200 Brannvern	1 616 392	1 647 700	-1,9
Sum ansvar: 5201 Oljevern	11 164	12 000	-7
Sum ansvar: 5300 Feiing			0
SUM	13 303 800	9 310 300	-42,9

Underdekkinga er i alt på i underkant av 4 mill kr under teknisk drift, medan pbo syner ei underdekking på 0,6 kr. Det siste skuldast innleige av planleggjar ut over det føreutsett ved budsjettering. Oversynet frå fdv:

- Interne overføringar RS 500 000 kr, grunna systemendring
- snøbrøyting RS 870 000 kr, grunna ma utviding av beredskapsperiode
- gatelyst RS 75 000 kr, underbudsjettert
- VVA RS 1 000 000 kr, ikkje godt nok grunnlag hausten 2006
- Felles maskinpark RS 260 000 kr, underbudsjettert
- Offentlege område RS 450 000 kr, diverse

Ein gjennomgang syner at forretningsområda (VVA) har gått med eit underskot på vel 1 mill i 2008. Underskotet på renovasjon i 2007 syner seg å vere knappe 0,5 mill. Fonda for renovasjon og vatn er brukt opp og betalarane har med fått attende pengane sine. Dei neste tre åra må kommunen ta inn 1,5 mill i "overskot" (utan avsetnader) for å kome i balanse. Desse 1,5 mill kr er ikkje ført som inntekt eller som ei uteståande fordring.

Desse budsjetta treng i 2009 ein gjennomgang på strukturelt nivå. Systematikken dei er tufta på, har ikkje fungert noko av dei 7-8 åra han har vart.

Administrative eller Pbo og fdv er frå 2008 slått saman til ei teknisk avdeling. Det har ikkje lukkast å få tilsett verksemdsleiar. Eit av ingeniørårsverka er elles vakant. I 2008 vil ein nemne desse resultatata:

Arsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 27 av 35

faglege resultat	<ul style="list-style-type: none">• Rullering av kommunplanen, arealdelen• Hovudplan Vassforsyning• Utbetring Kilstivegen• Utbetring Dahlevegen• Gatelysplan• Gangveggar• Etablering i Djupøyna• Distribusjonsnett Fjærenvarme• Langsiktig sfalteringsprogram
-------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Særskilde utfordringar i tida som kjem	<p>Den største utfordringa dei tekniske tenestene står overfor i tida framover er å få tak i kvalifisert personell som skal dekke eit breitt fagleg spekter med mange ulike oppgåver og til dels store oppgåver. Viss ikkje, må ein også framover basere seg på å kjøpe meir av både kapasitet og kompetanse. Gjennom etablering av eit kommunalt Føretak for byggmengda til kommunen, står ein overfor både utfordringar og moglegheiter organisasjonsmessig.</p> <p>Einingane FDV og PBO er slått saman for å oppnå meir fleksibel nytte av ressursane. Dette får likevel ingen vernad før vakansar er fylte.</p>
-----------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Teneste: Næring

Eining/ansvarsområde: Næring

Kort skildringa av tenesta Næringsavdelinga er som førstelina, forvaltar av den statlege og kommunale næringspolitikken. Ein skal leggje til rette for næringsutvikling i vid tyding, og vere eit kompetanse og rådgivingsorgan for alle næringar. Skog, jord og viltforvaltning, og ulike oppgåver innan utmark og arealforvaltning, miljø og kulturlandskap ligg òg til avdelinga. Spesielt kan nemnast oppgåver og forvaltning knytt til forvaltning til Reinheimen Nasjonalpark og diverse større og mindre landskapsvernområde og Geiranger – Herdalen landskapsvernområde.

Nøkkeltal	Årsverk	2008	2005	2006	2007	2008
	Næringsssjef	1	1	1	1	1
	Næringskonsulent	0	0,5	0,5	T.kjøp	T.kjøp
	Skogbrukssjef	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25
	Sakshandsamar vilt	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10
	Landbruksvikar	0,00	0,50	0,50	1,00	
	Kommuneveterinær	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
	Naturforvaltar	1,00	0,00	0,00	0,00	1,00
	SUM	3,35	3,35	3,35		

Økonomiske resultat		Buds(end) Regnskap		Avvik i %(per.)
		2008	2008	
	Sum ansvar: 6100 Næringsutvikling	2 150 200	1 940 039	-9,8
	Sum ansvar: 6101 Landbruksvikar	0	-4 889	0
	Sum ansvar: 6102 Veterinærteneste	308 100	300 791	-2,4
	Sum ansvar: 6103 Skogkultur	0	-3 454	0
	Sum ansvar: 6104 Nærings- og busetnadprosjekt	0	0	0
	Sum ansvar: 6110 Næringsfondet	0	0	0
	Sum ansvar: 6111 Næringslivstiltak	0	0	0
	Sum ansvar: 6113 Muriparken	0	0	0
	Sum ansvar: 6115 Kulturhus forprosjekt	0	80 624	0
	Sum ansvar: 6116 ENØK-prosjekt	0	120 000	0
	Sum ansvar: 6201 Jakt og viltstell	45 000	-16 037	-135,6
	Sum ansvar: 6210 Forvaltningsplan Reinheimen	-200 000	-377 200	88,6
	Sum ansvar: 6245 Verdsarvrådet Vestnorsk Fjordlandskap	0	0	0
	Sum	2 303 300	2 039 874	-11,4

Næringsforvaltning

Administrative eller faglege resultat

Toralv Klokkehaug er tilsett som næringsssjef i 100 % stilling. Hovedarbeidsområda er leiar for næringsavdelinga, arbeid med næringsfond, jord- og konsesjonssaker og SMIL- tilskot. Arbeidet med BU-midlar ovanfor Innovasjon Norge og Møre og Romsdal fylke er eit anna stort arbeidsområde. Saksførebuing til formannskapet tek mykje av tida. Gjennom ein samarbeidsavtale med Fjordhagen AS innan førstelinjetenesta har ein bygd opp god kompetanse med tanke på hjelp og tilrettelegging når det gjeld spesielt næringsfondsaker og BU- saker. Tilbakemeldinga frå søkjarane har vore gode, og ein legg stor vekt på teambasert rådgjeving. På denne måten kan ein få fram dei gode søkjarane og dei gode sakene.

Naturforvaltning

Kristin Sandnes starta som naturforvaltar i kommunen i 2008. Ho er tilsett i 100 % stilling, men har hatt permisjon frå delar av stillinga. Det er spesielt lokal forvaltning av Reinheimen Nasjonalpark og andre viktige landskapsvernområde som er grunnlag for stillinga, men også ynskje om meir kompetanse i kommunen i samband med forvaltning av saker innan utmark, innlandsfiske, energi- og klimaspørsmål.

Forvaltningsplanen for Reinheimen har teke mykje av tida, medan sakshandsaming, søknader og informasjon og skilting har vore andre store oppgåver. Tilrettelegging for tiltak på Slettvikane er eit anna viktig arbeid. Det har vore arbeidd med fjernvarmespørsmål for Valldal sentrum og Murigrandane og arbeidet med energi- og klimaplan har kome i gang. Dette er eit samarbeidstiltak i ÅRU- regi.

Norrdal kommune var teknisk arrangør for Haustkonferansen for kommunane rundt Reinheimen. Konferansen var på Reindalssætra.

Tilskotsforvaltning mv.

Monika Høydal er tilsett på servcetoget, men nyttar ca 50 % av stillinga til tilskotsforvaltning. Arbeidet med

produksjonstilskot og regionalt miljøprogram tek mykje av tida. Tilskot frå desse ordningane utgjer nesten 18 mill. i 2008. Mykje av tida har også gått med til å sette seg inn i nye rutiner da det var Unni Løvdøen som hadde dette arbeidet tidlegare. Andre arbeidsoppgåver er arkiv, og det har vore rydda 2 rom i kjellaren på rådhuset. Rydding i gamle arkiv er omfattande og viktig og skal halde fram. Gardskartarbeidet har kome dit hen at ein er klar til å legge inn endringar og feil, men ein får ikkje tak i personell til gjere arbeidet. Ei anna viktig ordning er sjukdomsavløylysing i landbruket, og regelverket er omfattande. Her har vi no god kompetanse. Nytt arkiv og sakssystem vart innført i 2008, og vi arbeider stadig for å levere god informasjon til kommunen si heimeside.

Viltforvaltning

Inge Lilleås er tilsett i 10 % stilling. Viltnemnda handsama 33 saker siste året. Det er felt 10 rådyr og 221 hjort og det vart gjeve fellingsløyve til 106 rådyr og 424 hjort. Det er registrert 7 fallvilt av rådyr og 19 av hjort. Elles har det vore samla inn hjortekjevar, og kommunen har no 2 vald med bestandsplan. Saldoen for viltfondet var den 01.01.2008 kr 193.155,- og 01.01.2009 kr 177.139,-.

Skogforvaltning

Andreas Bostad Thaule er skogbrukssjef i Norddal kommune. Han har 100 % stilling i Stranda, Sykkylven og Norddal kommune. For Norddal sin del vart det godkjent ein skogsbilveg klasse 3 med ei lengd på 860 meter. Det har vore nyplanting av skog på 18 dekar med eit plantetal på 4500 gran. Hogst av industrivirke av gran var i 2008 på 678 m³. Gjennom dei offisielle kanalane vart det ikkje omsatt virke av furu. I tillegg kjem hogst av virke til vedproduksjon. Skogbruksplanlegginga i kommunen vart igjen forsinka og prosessen må startast opp på nytt.

Særskilde utfordringar i tida som kjem	Næringsavdelinga sine utfordringar og oppgåver: <ul style="list-style-type: none">- Skape tru på framtida for dei som driv med tradisjonell landbruksdrift og anna næringsarbeid- Vere positiv til nyskaping og kreativitet- Aktivt bruk av ulike virkemiddel- Bidra til bulyst i kommunen- Legge vekt på jordvern i sakshandsaminga- Aktivt bruk av landbruksplanen- Bonden som matprodusent må stå sentralt- Bidra til god rovviltforvaltning der både husdyr og rovdyr kan ha sin rettmessige plass- Driftsplanbasert viltforvaltning som kan gi grunneigarane inntekter- Vedklegge verdien av god skogpleie og hogst- Vere pådrivar til utvikling av fornybar energi- Samarbeid med nabokommunar når det gjeld forvaltning av kommuneovergripande tiltak- Lokal forvaltning og forankring av verneområde
-----------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 30 av 35

Utvalgte nøkkeltall, kommuner - nivå 1 2008						
	1524 Nord dal	1525 Stranda	1526 Stordal	1523 Ørskog	Gj.snitt Møre og Roms dal	Gj.snitt lande utenom Oslo
	2008	2008	2008	2008	2008	2008
Finansielle nøkkeltall						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,4	0,1	5,7	4,3	-0,1	0,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,6	-1,5	2,7	3,5	-3	-0,7
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	147,5	262,4	168	224,4	180,8	171,3
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	1,1	28,2	55,7	33	22,9	21,8
Frie inntekter i kroner per innbygger	46666	34066	43784	40845	31903	30832
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	23593	76231	49222	38220	36937	32204
Prioritering						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	24364	11502	8451	7838	13812	16406
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbygger 6-15 år	112844	90499	83662	88974	81336	78430
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2466	1760	2706	1886	1564	1517
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	23794	12582	10286	18684	13782	12325
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	912	1354	794	774	1633	2249
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	1430	2164	1616	5092	4632	4889
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	5774	4127	5961	6287	3680	3407
Dekningsgrad						
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	87,9	95,9	93	91,9	88,6	88
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	9	6	4,8	7,5	6,5	7
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	16,2	10,2	18,4	17,7	9,5	9,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	10,7	8,9	10	4,7	7,4	8,6
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	96,3	93,3
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	18,3	12,1	13,8	24,8	16	13,9
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	1,8	1,4	2,7	2,2	2,7	3,3
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	0	3,4	4,8	3,6	4,5	4
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	26	14,8	18	16,8	11,1	8,9
Sykel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	11	13	70	28	27	33
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	33	0	15	17	19	19
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere
Produktivitet/enhetskostnader						
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	86586	98076	88313	99452	119639	126507
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, per elev	91058	87752	86890	101379	79122	78868
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.til 7.årstrinn	9,8	10,6	13,4	11,2	12,5	13,2
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn	11,4	10,2	8,2	10,9	14,6	14,6
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av kjernetjenester til hjemmeboende	268604	211250	177500	108494	188001	174841
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	727294	632915	609000	722556	729330	785125
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	..	2374	..	2680	2571	2515
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	..	2480	1111	2290	2133	2923
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2195	2337	2329	2480	2229	2157
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdager)	30	38	20	60	40	33
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplaner (kalenderdager)	180	233	80	0	152	193
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, kartforretning (kalenderdager)	40	21	24	89	86	85
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	131391	87910	101778	91917	89409	93489
Lovanvendelse						
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	100	100	75	67
Andel dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvann innvilget

Arsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 31 av 35

	1524 Norddal 2008	1525 Stranda 2008	1526 Stordal 2008	1523 Ørskog 2008	Gj.snitt Møre og Romsdal 2008	Gj.snitt landet utenom Oslo 2008
C. Barnehager - kvalitet						
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	87,9	95,9	93	91,9	88,6	88
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	68,4	90,2	76,9	87,8	74,5	75,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	100	100,8	102,2	94,3	97,4	96,1
Tilgjengelighet						
Andel barnehager med åpningstid fra 0 inntil 6 timer per dag	0	0	0	0	0	0,3
Andel barnehager med åpningstid fra 6 inntil 9 timer per dag	33,3	28,6	0	0	4,9	8,6
Andel barnehager med åpningstid fra 9 inntil 10 timer per dag	33,3	71,4	100	100	58	58,5
Andel barnehager med åpningstid 10 timer eller mer per dag	33,3	0	0	0	36,1	30,5
Andel styreere og pedagogiske ledere med godkjent førskolelærerutdanning	70	85	40	81,8	82,7	85,3
Andel assistenter med førskolelærerutd, fagutd, eller annen pedagogisk utdanning	40	17,4	18,2	33,3	20,8	27,6
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	7,5	5	3,4	4,5	5,2	5,5
D. Grunnskoleopplæring - kvalitet						
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	40,62	38,62	44,95	42,92	40,72	39,64
Overgang til videregående skole	100	97,56	100	100	97,65	96,21
Andel av 6 åringer som fortsetter i SFO andre året	88	95	58	91	97	96
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.til 7.årstrinn	9,8	10,6	13,4	11,2	12,5	13,2
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn	11,4	10,2	8,2	10,9	14,6	14,6
Antall elever per datamaskin	3,1	3,6	2,9	2,4	3,8	3,5
Andel ansatte i SFO med lærerutd, førskoleutd eller fagutd i barne- og ungdomsarbeiderfaget.	32	77	24	66	30	35
E. Kommnehelse - kvalitet						
Åpningstid ved helsestasjon for ungdom. Sum timer per uke.	..	2	1	2

Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	92	98	82	79	80	78
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,24	0,2	0,38	0,18	0,26	0,34
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,18	0,18	0,19	0,05	0,23	0,32
F. Pleie og omsorg - kvalitet						
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,24	0,2	0,38	0,18	0,26	0,34
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,18	0,18	0,19	0,05	0,23	0,32
Andel beboere på tidsbegrenset opphold	..	29,4	..	25,6	22	21
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	96,3	93,3
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	82,4	78,7	100	100	65,2	66,4
System for brukerundersøkelser i institusjon	Ja	Ja	Nei	Ja
System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten	Ja	Ja	Nei	Ja
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	59	56	66	68	74	72
G. Sosialtjenesten - kvalitet						
Andel sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer	:	17	..	16	25	28
Gjennomsnittlig stønadslengde	2,5	3,1	2,1	2,6	3,8	4,1
Har kommunen i løpet av det siste året gjennomført en egen brukerundersøkelse for sosialtjenesten (1=ja, 0=nei)	Nei	Nei	Nei	Nei
Andel av de statlig veiledende utgiftene som inngår i den kommunal stønadsnormen for enslige mottakere uten barn	100	83	100	50	90	96
Andel sosialhjelpsmottakere som har fått oppnevnt koordinator for individuell plan	..	:	5,5	5
Andel av sosialhjelpsmottakere som har fått utarbeidet individuell plan	..	:	4,7	4
H. Barnevern - kvalitet						
Innført internkontroll i barnevernstjenesten	1	0	1	1
Benyttet brukerundersøkelse siste år	0	0	0	0
System for brukerundersøkelser i barnevernstjenesten	1	0	0	1
Andel undersøkelser m. behandlingstid over tre måneder, prosent	0	14,3	33,3	56,2	20,3	15,3
Stillinger med fagutdanning per 1000 barn 0-17 år	0,7	2,4	1,6	1,1	2,4	2,7

I. Avfall og renovasjon - kvalitet									
Abonnentens mulighet til å påvirke gebyret									
Andel husholdningsavfall utsortert	50	75	75	25	34				32
Dager pr år med utvidet åpningstid for mottak av avfall	100	..	100	38	42				54
Andel husholdninger med individuelt tilpasset renovasjon	12	3	26	25	65				71
Antall hentinger av matavfall i løpet av et år	:	0	4	0	9				4
	52	0	52	52	37				:
I. Avløp - kvalitet									
Antall kloakkstopper i avløpsledninger, overløp og kummer per kilometer ledningsnett	0	..	0,136	..	0,092				0,119
Beregnet gjennomsnittsalder for spillvannnett med kjent alder	22	..	24	28	27				27
I. Vann - kvalitet									
Forsyningsikkerhet, vann	99,987	99,74	..	100	99,982				99,989
Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater mht. E. coli	100	100	..	100	88				100
Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater mht. farge	100	100	..	100	97				99
Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater mht. pH	0	87	..	100	83				96
Beregnet gjennomsnittsalder for vannledningsnett med kjent alder	21	37	..	22	27				27
J. Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø - kvalitet									
Andel dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvann innvilget
Alder for kommuneplanens arealdel	6	16	0	2	6				5
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	1	27	27	1	9				6
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdager)	30	38	20	60	40				33
Gjeldende plan eller retningslinjer med spesiell fokus på universell utforming	Nei	..	Nei	Nei
Innsyn i kartverk via kommunens Internetsider	..	Ja	Nei	Ja
Tekn. og øk. kartlegging.Andel ferdig av forutsatt kartlagt,std. FKB-A,-B og -C	100	100	100	100	..				95
Leke- og rekreasjonsareal i tettsteder. 1000 innb. i tettsteder	145	14	67	10	16				35

K. Kultur - kvalitet									
Besøk i folkebibliotek per innbygger	1,8	4,2	..	2	3,2	4,6			
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger	7,8	4,4	..	4,1	4,2	5,2			
Tilvekst alle medier i folkebibliotek per 1000 innbygger	1250	413	..	471	307	269			
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2349	1305	1412	1468	1477	1553			
L. Kirke - kvalitet									
Medlem av Dnk i prosent av antall innbyggere	90,3	89,2	87	87,1	88,8	83,3			
Døpte i prosent av antall fødte	233,3	132,5	105,9	128,6	96,1	77,2			
Konfirmerte i prosent av 15-åringer	100	91,9	90	81,2	80	68,1			
Deltakelse, gudstjenester søn- og helligdag pr. innbygger	1,6	1,7	2	1,6	1,4	1,1			
Gudstjenester pr. 1000 innbygger	33	29	34	20	16	15			
Konsserter og kulturarrangementer pr. 1000 innbygger	1,1	2,9	4	2,8	2	1,8			
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner	845	716	769	652	503	470			
M. Samferdsel - kvalitet									
Andel kommunale veier og gater med fast dekke. Prosent	100	..	83,3	105,6	74	66,3			
Andel fylkesvei med fast dekke. Prosent			
N. Bolig - kvalitet									
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	33	0	15	17	19	19			
Andel kommunalt disponerte boliger som er tilrettelagt for rullestolbrukere	56,9	..	66,7	52,8	57,2	42,7			
P. Brann- og ulykkesvern - kvalitet									
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	1,1	0,2	..	0,9	0,3	0,3			

Årsmelding 2008 – Norddal kommune

Side 35 av 35

Utleigeiegedomar. Samanstilling av tal frå kommunerekneskapen og frå eigedomsselskapet:

	Kostnad	Leige bet av leigetakar	Tap/subs. av leigetakar
<u>Kostnader og eigenbetalingar PLO:</u>			
Omsorgsbustader Va/Fj/Ta	1 846 259	1 274 723	571 536
Omsorgsbustader Ei/No	1 145 183	793 655	351 528
Elvetun	342 265	139 185	203 080
Kostnader og eigenbetalingar utleigebygg:			
Tafjordbadet	685 544	453 853	231 691
Servicebygg Valldal	304 316	213 233	91 083
Servicebygg i Eidsdal			46 213
Fjordhagen	713 239	163 683	549 556
<hr/>			
Årleg tap for kommunen på desse objekta:			2 044 687